



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2017-2020

**ÅRSBUDSJETT
2017**

**ØKONOMIPLAN 2018-2020
Kommentarer og tal**



**Kommunestyret sitt vedtak
PS x i kommunestyret x**

- Vedtaksheftet viser den politiske handsaming og endeleg vedtak -



HAREID KOMMUNE



HANDLINGSPROGRAM 2017-2020

**ÅRSBUDSJETT
2017**

**ØKONOMIPLAN 2018-2020
Kommentarer og tal**



Kommunestyret sitt vedtak

PS x i kommunestyret x

- Vedtaksheftet viser den politiske handsaming og endeleg vedtak -

Innhold

1	Rådmannen si innleiing:.....	4
1.1	Kommunen som samfunnsutviklar:.....	4
1.2	Kommunen som tenesteprodusent:	5
1.3	Kommunen som arbeidsgjevar:	6
1.4	Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:..	6
1.5	Rådmannen sine framlegg til tiltak.....	7
2	Rammevilkår og prioriteringar	8
2.1	Budsjettføresetnader:	8
2.2	Finansielle nøkkeltal	8
2.3	Demografi og folketal:.....	11
2.4	Hovudprioriteringar:	12
3	Økonomiske perspektiv	14
3.1	Finans.....	14
3.2	Pensjonskostnader	15
3.3	Eigedomsskatt	16
3.4	Statsbudsjettet.....	16
3.5	Tiltakspakke for auke i sysselsettinga.....	17
3.6	Finansiering av kommunesektoren (NB! 2011).....	18
4	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2015 og økonomiplan 2017 – 2020 – DRIFT	Feil!
	Bokmerke er ikke definert.	
4.1	Driftsbudsjett.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5	Rådmannen sitt forslag til årsbudsjett 2017 og økonomiplan 2017 – 2020 – investering..	Feil!
	Bokmerke er ikke definert.	
5.1	Investeringsbudsjett.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
6	Sektor for sentraladministrasjonen.....	33
6.1	Sektorstruktur	33
6.2	Årsverk og driftstiltak	34
6.3	Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring og kontroll	35
6.4	Overordna målsettingar	37
7	Sektor for oppvekst	38
7.1	Sektorstruktur	38
7.2	Årsverk og driftstiltak	39
7.3	Investeringar	41
7.4	Overordna målsettingar	41
8	Sektor for velferd	43
8.1	Sektorstruktur	43
8.2	Årsverk og driftstiltak	44
8.3	Investeringar.....	45
8.4	Overordna målsettingar	46
9	Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	49
9.1	Sektorstruktur	49
9.2	Årsverk og driftstiltak	49

9.3	Investeringar	50
9.4	Overordna målsettingar	51
10	Sektor for kommunalteknisk drift	52
10.1	Sektorstruktur	52
10.2	Årsverk og driftstiltak	53
10.3	Investeringar	56
10.4	Overordna målsettingar	59

1 RÅDMANNEN SI INNLEIING:

Etter planen skal budsjettåret 2016 vere det siste året kommunen før kommunen igjen kan bli meldt ut av ROBEK – registeret. Det ligg an til at kommunen skal lykkast i denne målsettinga. Med langsiktig og målretta arbeid har kommunen kvart år sidan 2010 forbetra dei økonomiske resultatane. Denne oppgåva har vore krevjande, og ein kan seie at utviklinga har vorte sett litt på vent desse åra. Det er avgrensa kva ein kan få til av utviklingsarbeid, samstundes som ein skal dekke inn tidlegare driftsunderskot. Og det har vore tilnærma stillstand når det gjeld nye drifts- og investeringstiltak

I tråd med kommunelova sitt krav leverer rådmannen eit saldert budsjett i balanse. Det første året utan eigen budsjettpost for tilbakebetaling av tidlegare driftsunderskot var møtt med forventning, men håpet om å kunne vidareføre dette som ein buffer for å halde ROBEK på avstand, forsvann i omlag 3,5 millionar i redusert rammeoverføring. Den nye inntektsmodellen sitt strukturkriterium, med tilhøyrande reduksjon av basistilskotet gir bortfall av inntektsgarantiordninga i 2018. Dette vil føre til eit ytterlegare tap på 1,5 MNOK i 2018.

Planlagde investeringar som helsehus, omsorgs – og flyktningbustadar vil føre til auke i driftskostnadene gjennom ein auke i rentar og avdrag, i tillegg til reine driftsutgifter. Så har vi den lenge omtalte «Eldrebølga» som vil føre til ei stor auke i tenestebehov frå kommunen. Her må ein vere i forkant med å planlegge for investerings- og driftstiltak. Nytenking og digitalisering vert viktige omgrep framover.

Drifta er vidareført etter same linje som i inneverande år. Ein har korrigert for feilbudsjetteringar frå 2016, og flytta midlar frå avdelingar med minkande behov til avdelingar med aukande behov. I juni 2016 fekk sektor for velferd og oppvekst styrka sine tenester med fleire årsverk, dei fleste av desse på velferd. For å få plass til nye tiltak har rådmannen difor pålagt spesielt desse to sektorane å spare slik at vi kunne vri ressursar til nye tiltak. Dette er tiltak som vert vurdert som nødvendige kost/nytte tiltak. Altså tiltak som vil generere positiv effekt på sikt. Behova er for nye tiltak er mange og omfattande. Rådmannen har likevel måtte vere svært nøktern i høve godkjenning av nye drifts- og investeringstiltak.

På investeringssida er det omsynet til storleiken på lånegjelda som har vore styrande. Ein har tatt omsyn til at oppbygging av lånegjeld vil få ein direkte konsekvens i driftsrekneskapen i form av auka finanskostnader. Dette er framleis like aktuelt sidan driftsbudsjettet er svært stramt. Samanlikningstal dokumenterer at Hareid kommune har mindre pengar enn samanliknbare kommunar til drift av tenester. Ein kan difor ikkje belaste drifta med lånerenter. Den einaste måten kommunen kan finansiere auka driftskostnader på eitt område på, er å kutte på andre område. Dette vert ei utfordring ut i nær framtid der det ligg fleire store investeringsprosjekt på vent. Ein må alt på nyåret starte arbeidet med å analysere bruken av kommunale midlar og vurdere omprioritering av desse, samt arbeide langsiktig med å auke inntektsgrunnlaget for kommunen.

Det er mange forhold og val som må takast når ein skal balansere eit budsjett, og ytre faktorar set i stor grad rammevilkår (dette er skildra i eige kapittel). Eit av dei forholda som slår særleg ut er utgifter til pensjonskostnader. Dette varierer frå år til anna, og dei endelege tala for budsjettåret vert ikkje kjende før ut på våren året etter. Rådmannen tek difor atterhald i høve dei endelege pensjonskostnadane.

Det er heilt sentralt å bygge eit disposisjonsfond. Målet var å kunne vidareføre midlar som til no har vore avsett til nedbetaling av gjeld til eit disposisjonsfond, men mindre rammeoverføring og fleire nyoppretta stillingar i løpet av 2016 gjer at ein ikkje lykkast med det. Rådmannen har difor lagt inn kroner 1,6 million på ein disposisjonspost, finansiert med 0.5 promille auke i eigedomsskatt. Hareid kommune har ikkje henta ut inntekspotensialet sitt på eigedomsskatt og der er lagt inn fleire alternativ som aktuelle tiltak for å kunne legge til disposisjonsfondet slik at ein kan investere i behov for framtida.

1.1 Kommunen som samfunnsutviklar:

Kommuneplanen har fire hovudmål, og tre av desse er relatert til samfunnsutvikling:

- ❖ Hareid skal vere ei bu- og utviklingskommune. Ein attraktiv kommune å bu og leve i for den einskilde, for familien, tilflyttarar og kompetansepersonar.
- ❖ Hareid kommune skal gi barn og unge gode oppvekstvilkår, trygge miljø, trivsel og samkjensle som grunnlag for livskvalitet, identitet og utvikling
- ❖ Hareid skal vere ein kommune som gjer det mogleg med eit allsidig næringsliv der miljø og arbeidsplassar kan tryggast, moglegheiter utviklast, nye verksemdar etablerast og får folk med kompetanse til å bu i kommunen.

I rådmannen sitt budsjettframlegg for 2017 er mellom anna desse tiltaka prioritert:

- o Bygge vidare på det interkommunale IT-selskapet SSIKT. Vår kommune er for liten til å kunne ivareta samfunnsoppdraget med utvikling av IT-tenester
- o Rullering av kommuneplanen sin arealdel for å kunne legge til rette for ei moderne samfunnsutvikling. Og det er sett av pengar til ymse grunnkjøp, og utvikling av ein marin næringsplan
- o Kjøp av varslingssteneste til innbyggjarane, til dømes for bruk ved flodbølge
- o Lovpålagt innføring av vaktlag i brannvernet
- o Årleg kontroll av leikeapparat i barnehage
- o Hareid næringsforum står framfor eit vegskilje og har bedt kommunen om økonomisk støtte til stillinga som dagleg leiar. Rådmannen ser det som viktig å samarbeide med, og legge til rette for næringslivet, men har dessverre ikkje funne rom for ei slik støtte. Det er imidlertid lagt inn ei symbolsk støtte i form av at kommunen no på lik linje med dei andre store bedriftene i kommunen betaler sin medlemskontingent.
- o Frå 2017 er det ikkje lenger øyremerka statstilskot til frivilligsentralen, men dette er innarbeidd i budsjettet
- o Innanfor området sjølvkost er det framlegg om å opprette ei ny ingeniørstilling for å få auka framdrift på prosjekt
- o Her er midlar til førebygging av Gjerdselva og opprusting av djupvasskaia på Godsterminalen
- o Ut i perioden finn vi midlar til fotballhall
- o Miljøgateprosjektet er prioritert i 2017 og 18, og parken i sentrum det same
- o Der er fleire viktige tiltak innanfor vatn og avløp

1.2 Kommunen som tenesteprodusent:

Kommuneplanen sitt fjerde hovudmål er retta inn mot kommunen sitt ansvar som tenesteytar:

- ❖ Kommuneorganisasjonen i Hareid skal sikre tenester og service av rett kvalitet i samsvar med behova i kommunen .

Kommunen sin arbeidsgivarpolitikk har visjonen «gode tenester – glade tilsette», og det første punktet under kriterier for organisasjonskultur er «brukarfokus». Oppdraget er dermed godt forankra i kommunen sine styrande mål. Kommunen har ikkje hatt brukarundersøkingar, og ein veit difor ikkje kva som er brukarane si generelle meining om tenestene. Det er ei målsetting å få gjort dette i løpet av 2017.

I årets budsjettframlegg viser kommunen sitt ansvar som tenesteleverandør igjen på fleire område:

- o Auka ressurs i barnehage
- o Ny fastlegeheimel slik at folk i Hareid kan velje fastlege, samstundes som ein får ei gradvis overlapping i eit generasjonsskifte
- o Kommunen ligg langt etter på bruk av velferdsteknologi. For å kunne få ei effektiv innføring og bruk av dette må ein ha ein person med teknisk kompetanse som skal jobbe tett på personalet og brukarar av velferdstenester. Det er eit mål å legge til rette for å gi hjelp til sjølvhjelp. Dette er avgjerande viktig for å førebu kommunen på den store auken i hjelpetrengane eldre.
- o Vi lukkast ikkje med å innfri behovet om meir stilling til biblioteket, men ein sjølvbetjeningsautomat vil gjere kundane sjølvhjelpete og personalet får frigjort tid til andre oppgåver
- o Ein statleg tiltakspakke på ca. 3,5 million gjer det mulig å få utført lenge etterlengta vedlikehaldstiltak innanfor dei kommunale tenestene
- o Skulane får nye datamaskiner

- o Sjukeheimen får nytt pasientsignalanlegg med høve til å kople på ulike varslingar, elt etter pasienten sine behov. Dette gir auka tryggleik og effektiviserer tidsbruken for dei tilsette. Dei heimebuande får digitale tryggleiksalarmar der ein også kan kople til velferdsteknologi etter behov. Også her er målsettinga auka sjølvstende og tryggleik, samt meir effektiv bruk av personellressursen.
- o Det er sett av midlar til helsehus, og ut i perioden også til omsorgsbustadar og flyktningbustadar

1.3 Kommunen som arbeidsgjevar:

Kommunen har ein arbeidsgivarpolitikk frå 2004. Den seier noko om organisasjonskulturleing, løns- og kompetanseutvikling, samt det å rekruttere og behalde personalet. Det har ikkje vore gjennomført medarbeidarundersøkingar, så ein har ikkje dokumentert medarbeidarane si heilskaplege oppleving av arbeidssituasjonen.

Kommunen har mange dyktige medarbeidarar som har stått på og gjort ein fantastisk innsats i desse åra med ROBEK trass i dårlege rammer for personalutvikling.

Dette budsjettet har ikkje ein spesiell profil på å styrke kommunen sin innsats som arbeidsgivar. I 2017 skal organisasjonen arbeide med omorganisering og organisasjonsutvikling. Rådmannen vil kartlegge behov og kome tilbake på korleis ein best mulig kan ivareta arbeidsgivaransvaret.

Dette året har ein prioritert eit viktig tiltak for mange tilsette som har sin arbeidsdag sittande ved ein kontorpult. Det går på utskifting av skadelige lysrør på rådhuset. Ved samstundes å skifte ut trekvitt med kvite himlingar vert ein kvitt dunkle lysforhold og får dermed langt betre arbeidsforhold for mange tilsette.

1.4 Rådmannen har hatt følgjande økonomiske mål for arbeidet med Styringsdokumentet:

Mål 1: Hareid ut av ROBEK.

Få balanse mellom budsjett og rekneskap – og framleis god økonomistyring.

Ein vil framleis ha nøye kostnadskontroll med fokus på kortsiktige tiltak som kan ta ned kostnadane, og sterk kostnadskontroll, slik at ein ikkje får overraskingar på slutten av året. Vi har lukkast med dette så langt, men er svært sårbare for uføresette hendingar, og / eller hendingar vi ikkje kan påverke

Mål 2: Starte oppbygging av disposisjonsfond

og dermed legge grunnlaget for driftsmessig rom for eigenkapital til investeringar i framtida, samt å legge grunnlag for ein økonomisk buffer i driftsbudsjettet.

Som ROBEK-kommune er jobb nummer ein å oppnå berekraftig økonomisk balanse. I ein slik situasjon ligg normalt oppbygging av vesentlege disposisjonsfond eit stykke inn i framtida. Men når meirforbruket frå tidlegare år er dekt inn, er det avgjerande at ein opprettheld eit overskot, slik at ein har økonomisk handlefridom framover. Dette vil på sikt, både kunne bidra til at låneopptak vert reduserte (ved at en har eigenkapital til investeringar), og at ein har økonomisk buffer til å takle uføresette situasjonar.

Mål 3 – utvikle og ta i bruk styringsdokument som sikrar måloppnåing på økonomiske og andre driftsmål

Budsjett og handlingsprogram skal spegle dei reelle utfordringane. Grunna dei vanskelege økonomiske rammevilkår ser ein ofte at dei same tiltaka vert melde inn år etter år. Her ligg eit etterslep som vil krevje ei svært systematisk tilnærming.

I 2017 tek kommunen i bruk ein ny mal for tertialrapportering som vil gi administrasjon og politikarar eit felles bilde av status og framdrift. Ein tek også i bruk eit elektronisk internkontrollsystem som vil gi rask oversikt over sentrale plandokument, prosedyrar og avvik. Det er forventa at dette vil gi betre arbeidsflyt, som igjen vil ha positiv effekt på både produktivitet/effektivitet og arbeidsmiljø.

1.5 Rådmannen sine framlegg til tiltak

Rådmannen har prioritert tiltak i tråd med kommuneplanen sine målsettingar, og lagt vekt på å vidareføre tidlegare planlagde og påbegynte tiltak. Samfunnsutvikling er sentralt i Hareid og tiltaka ber preg av dette. Vidare tiltak som bidrar til digitalisering med hjelp til sjølvhjelp. Vi treng framover å fokusere på at sjølvhjelp er vel hjelpt, og då må kommunen kunne legge til rette for å tilby denne type hjelp.

Tiltaka heng saman med kvarandre gjennom prioriteringar som er gjort mellom investering og drift, og dei er eit resultat av drøftingar der rådmannens leiargruppe samla har tatt ansvar for heilskapen. Det er gjort ei kapasitetsmessig vurdering for gjennomføring. Dei nye driftstiltaka ligg inne med heilårseffekt, men det gjer også salderingstiltaka. Begge deler vil det ta tid å få effekt av, så samla sett går det ut omlag i balanse.

Behova er mange, og utvalet er dessverre lite. Nokre sektorar kom betre ut enn andre i år, men tiltaka som er valt ut vil ha stor betydning for meir effektiv drift. Nokre var lovpålegg som måtte finne sin plass. Rådmannen legg fram eit budsjett som er utarbeidd med god hjelp av dyktige medarbeidarar. Med mindre dei ytre rammevilkåra endrar seg mykje underveis, er dette eit budsjett vi har tru på skal tene kommunen godt i det arbeidet som ligg føre.

2 RAMMEVILKÅR OG PRIORITERINGAR

2.1 Budsjettføresetnader:

Hareid kommune har rammebudsjettering på både politisk og administrativt nivå. Kommunestyret vedtek budsjettamme på sektor- og einingsnivå. Rådmannen har mynde til å gjere justeringar mellom budsjettpostar innanfor driftsrammene.

Leiarane har meldt inn behov som må og bør-tiltak. Rådmannen konstaterer at det er stort sprik mellom meldte behov og det som har vore mulig å innarbeide av nye tiltak i budsjettet. Nokre få tiltak er prioritert ut frå nødvendige tiltak etter lov- og regelverk og HMS, vidareføring av alt påbegynte prosjekt, samt tiltak som gir effektivisering.

Rammeoverføringane vil gå ned, og kommunen må både gjere grep for å stadig effektivisere og evaluere tenestene. Hausten 2016 har ein starta på ein prosess med omorganisering med siktemål å betre intern samhandling og logistikk. Frigjering av tid til strategi, plan og kontinuerlig kvalitetsforbetring vert sentralt. Rådmannens leiargruppe må vere den samlande drivkrafta i dette arbeidet, og det må byggast eit godt samarbeid mellom det administrative og politiske nivået.

Med utgangspunkt i dagens drift er handlingsrommet marginalt. Fleire viktige behov innanfor drift og vedlikehald har vorte meldt inn år etter år. Også dette året vert dessverre dei fleste liggande uløyste. Effektiviseringstiltak i drifta har som målsetting å unngå kutt i teneste og så langt mulig ta inn i seg nye tenestebehov. For å få plass nødvendige tiltak har rådmannen lagt inn salderingstiltak på velferd og oppvekst. At ein er i forkant med digitalisering og velferdsteknologi for å gjere folk mest mulig sjølvhjelpete er avgjerande for å dempe det bemanningsbehovet som elles vil kome som følge av den demografiske utviklinga.

Kommunen har store drifts- og investeringsbehov, men svært lite handlingsrom. Rådmannen ser auke i eigedomsskatten som ei nødvendig inntektskjelde om kommunen skal få gjennomført dei ynskja utviklingstiltaka som ligg i budsjett- og økonomiplanen.

Kommunens eigedomsskatt er den inntektskjelda som utgjør ein skilnad når det

gjeld å skape handlingsrom for vidare utvikling. For å kunne gjennomføre dei nødvendige investeringane er kommunen avhengig av større inntekter. Rådmannen har i dette budsjettframlegget lagt inn ein svak auke på eigedomsskatt for å kunne bygge

ein liter buffer i budsjettet som ei sikring for å kunne halde seg ute av Robek-lista. Det er vist fleire utgiftsalternativ slik at politikarane kan vurdere auka handlingsrom opp mot tiltak som ein måtte ynskje å prioritere. Summen av tiltaka må samsvare med gjennomføringskapasiteten.


2.1.1 Kostraanalyse:

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Ein finn tall om til dømes pleie- og omsorgstenester, barnehagedekning og sakshandsamingstid, og ein kan samanlikne kommunar med kvarandre, med regionale inndelingar og med landsgjennomsnittet. Dei 428 kommunane er grupperte i 16 grupper, etter folkemengd og økonomiske rammevilkår.

2.2 FINANSIELLE NØKKELTAL

Finansielle nøkkeltal i Kostra, gir eit oversyn over dei viktigaste finansielle rammevilkåra og dei viktigaste resultatindikatorane på eit overordna nivå. Nøkkeltala syner ein status og ei utvikling, men er i seg sjølve ikkje tilstrekkelige til å seie noko om kvifor situasjonen er slik han er. Dette fordrar meir inngåande kjennskap til databasen, samt ein meir djuptpløyande analyse. Dei finansielle nøkkeltala er likevel gode indikatorar i høve det å kunne orientere seg om korleis kommunen sin situasjon er i høve andre kommunar og i høve objektive økonomiske måleparameter. Av omsyn til god oversikt vert berre grafane presenterte.


Brutto driftsinntekter per innbygger



Brutto driftsinntekter er dei samla kommunale driftsinntektene, og inkluderer alt frå skatteinntekter og rammetilskot, til alle slags sals- og leigeinntekter.


Hareid kommune er ei låginntektskommune og har, som ein kan sjå, kr 5000 mindre i brutto driftsinntekt pr. innbygger enn landsgjennomsnittet. Basert på 5150 innbyggjarar svarar det til om lag 25,75 mill. kroner på heile befolkninga. Samanlikna med Kostragruppe 1 er skilnaden på om lag 51,5 mill. kroner.

Frie inntekter per innbygger




Frie inntekter er summen av rammetilskot, eigedomsskatt og inntektsskatt. Etter at eigedomsskatt med skattesats 2 promille vart innført, ligg no kommunen om lag 1000 kroner under landsgjennomsnittet pr. innbygger. Skilnaden i høve Kostragruppe 1 er på om lag 20,6 mill. kroner, når ein baserer det på ei befolkning på 5150 personar.

Brutto driftsutgifter per innbygger




Brutto driftsutgifter er dei samla driftsutgiftene, inkludert avskrivningar. Brutto driftsutgifter pr. innbygger i kommunen viser einheitskostnaden ved den totale kommunale verksemda og kan være ein produktivitetsindikator. Figuren indikerer såleis at kommunen har høg produktivitet. Samanlikna med landsgjennomsnittet har kommunen ei brutto driftsutgift, som er om lag 25,75 mill. kroner lågare enn landsgjennomsnittet. Samanlikna med vår eigen Kostragruppe er skilnaden på om lag 51,5 mill. kroner, når ein baserer seg på ei befolkning på 5150 innbyggjarar.

Brutto resultatgrad



Brutto driftsresultat er resultatet før dekning av kommunen sine rente- og avdragsutgifter, inntekter i form av utbytte og renter, samt eventuelle avsetningar og eigenfinansiering av investeringar. Avskrivningar påverkar også brutto driftsresultat. Omgrepet kan i stor grad samanliknast med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med rekneskapsplikt etter rekneskapslova. Brutto gjeldsgrad syner kor stor del brutto driftsresultat utgjør av driftsinntektene. Grafen syner at kommunen dei seinare åra har levert brutto driftsresultat på linje med dei beste i utvalet.


Netto renter og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter



Denne grafen syner at kommunen sine nettokostnader til rente og avdrag har vore fallande.


Dette er ein kombinasjon av at kommunen har makta å få til ei tilnærma «frysing» av lånegjelda, samstundes som det generelle rentenivået har gått nedover og vore stabilt over tid.

Netto resultatgrad




Netto driftsresultat brukast av Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU) som ein hovudindikator for økonomisk balanse i kommunesektoren. Netto driftsresultat er eit mål på kor mykje kommunane sit igjen med av driftsinntekter etter at driftsutgifter, netto renter og avdrag er betalt. Målt i prosent av driftsinntektene uttrykker netto resultatgrad kor stor del av dei tilgjengelege driftsinntektene kommunane kan disponere til avsetningar og investeringar. Også her syner grafen ei markant betring i høve utvalet.

Brutto gjeldsgrad




Brutto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige gjeld, inkl. pensjonsforpliktingar, utgjør av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel og kommunen sin brutto gjeldsgrad ligg no på linje med resten av utvalet.

Netto gjeldsgrad



Netto gjeldsgrad syner kor stor del kommunen si langsiktige gjeld, ekskl. pensjonsforpliktingar, utgjør av kommunen si brutto driftsinntekt. Y-aksen i grafen syner prosentdel. Gitt den stabile renta tyder dette på ei stabil dreining mot ei realvekst av tilgjengelege disponible midlar for tenesteproduksjon.

Arbeidskapital ex premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter




Arbeidskapital definerast som differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, og er eit uttrykk for kommunen sin likviditet. Arbeidskapitalen uttrykker derfor den delen av omløpsmidlane som er finansierte med langsiktig kapital (langsiktig gjeld og egenkapital). Med likviditet meinast evne til å betale forpliktingane etter kvart som de forfell. Premieavvik vil vere ei kunstig inntekt og vert difor halden utanfor i berekninga.


2.3 DEMOGRAFI OG FOLKETAL:

Desse grafane vert tatt med for å syne korleis den aldersmessige samansetninga har variert i befolkninga over tid. Desse faktorane påverkar mellom anna storleiken på rammetilskotet til kommunen. Då basert på siste relevante statistikk. Prognoser for framskriving av folkemengda kan elles vere viktige med omsyn til den langsiktige planlegginga i høve kommunen sitt framtidige tenestetilbod.


Del folkemengd 0 til 5 år




Del folkemengd 6 til 15 år




Del folkemengd 67 til 79 år




Del folkemengd 80 år og over



Del folkemengd 80 år og over



Netto befolkningsstillevekst




2.4 HOVUDPRIORITERINGER:

Grafane ovanfor har synt nokre viktige økonomiske rammevilkår som inntekts- og utgiftsnivå, gjeldsgrad, produktivitet, økonomiske resultat, samt demografiske utviklingstrekk. Grafane nedanfor syner korleis kommunen prioriterer mellom tenesteområda, samanlikna med eit relevant utval. Grafane seier ingenting om kvifor det er slik. Ein kan heller ikkje sjå om «det har blitt slik» eller om det er politisk styrt ut frå lokale føresetnader. Grafane seier altså litt om kor stor del av det økonomiske «kakestykket», **netto driftsutgifter**, som delast ut til det einskilde tenesteområdet, men ingenting om kvaliteten i tenestene


Netto driftsutgifter viser driftsutgiftene inkludert avskrivningar etter at driftsinntektene, som m.a. inneheld øyremerka tilskot frå staten og andre direkte inntekter, er trekt frå. Dei resterande utgiftene må dekkast av dei frie inntektene som skatteinntekter, rammeoverføringar frå staten mv. Netto driftsutgifter pr. innbyggjar kan vere en prioriteringsindikator.

Ein ser her at kommunen bruker størstedelen av den økonomiske kaka på barnehage og grunnskuleopplæring, og mindre enn andre på velferdstenester og kultur. Den demografiske utviklinga vil utfordre denne fordelinga, og kommunen må legge planar for korleis ein skal kunne ivareta tenestebehova til alle aldersgrupper i tida framover.


Del netto driftsutg. barnehage av netto driftsutg. i alt




Del netto driftsutg. grunnskuleopplæring av netto driftsutg. i alt




Del netto driftsutg. pleie og omsorg av netto driftsutg. i alt




Del netto driftsutg. sosialtj. og barnevern av netto driftsutg. i alt



Del netto driftsutg. kommunehelse av netto driftsutg. i alt



Del netto driftsutg. kultur av netto driftsutg. i alt



3 ØKONOMISKE PERSPEKTIV

3.1 Finans


3.1.1 Økonomiske nøkkeltal

(kjelde: Finansrapport pr. 31. aug. 2016 – Bergen Capital Management)


Nøkkeltal	Forklaring	
Total lånegjeld	Kr. 341 912 121	Viser samla lånegjeld ved utløpet av rapporteringsperioden. Inkluderer startlån i Husbanken, lån i Kommunalbanken, KLP Kommunekreditt og verdipapirmarknaden.
Durasjon	0,71	Måltallet angir porteføljen si vekt gjennomsnittlige rentebindingstid. Talet viser kor lenge renta på sertifikat, lån og obligasjoner i porteføljen er fast, når ein tar omsyn til alle kontantstrømmer (rentebetalinger, avdrag og hovudstol). Dersom ei låneportefølje utan avdrag og årlege rentebetalinger har durasjon på 1 betyr det at porteføljen i gjennomsnitt har ei rentebinding på 12 månader.
Vekta gjennomsnittrente	1,59%	Måltallet angir porteføljen si vekt gjennomsnittlige kupongrente, effektiv rente vil avvike noko. Ved samanlikning mot referanserente må det takast omsyn til durasjon og rentesikringsstrategi.
Kapitalbinding	4,23 ÅR	Måltallet angir porteføljen si vekt gjennomsnittlige kredittbinding. Talet viser kor lang tid det i gjennomsnitt tar før renter, avdrag og hovudstol er nedbetalt. Jo høgare tal, desto mindre refinansieringsrisiko har kommunen når alt anna er likt.

3.1.2 Fordeling rentebinding

Fordeling	Saldo	Prosentvis av total
Lån med fast rente:		
Rentebinding > 1 år	126 818 160	37,09 %
Rentebinding < 1 år	145 548 388	42,57 %
Sum rentebinding	272 366 548	79,66 %
Flytande rente (p.t. vilkår)	69 545 573	20,34 %
SUM	341 912 121	100,00 %




3.1.3 Utvikling i gjennomsnittrente



Porteføljen og markedsrenter (Rentene er justerte for kredittmargin (påslag), og indikerer derfor faktiske lånerenter for angitt løpetid)

3.1.4 Utvikling av lånegjeld



Hareid kommune nyttar ekstern finansrådgjevar og mottar månadlege finansrapportar. Strukturen på låneporteføljen samt behov for refinansiering av eksisterande lån vert bestemt på bakgrunn av råd frå den eksterne rådgjevaren. Strategien har vore å sikre den lågast mulege lånerenta til ein kvar tid, utan å gjere kompromiss i høve risikoen. Gjennomsnittsrenta har i snitt vore jamt fallande så langt i budsjettåret. Med omsyn til utviklinga i lånegjelda er det verdt å merke seg at avdrag på lån vil gå til frådrag og at ein kan forvente at lånegjelda vil ligge nærare januarnivå enn oktobernivå ved rekneskapsavslutting.

Som ein kan sjå av grafisk framstilling i KOSTRA-analyse i tidlegare kapittel, har Hareid kommune eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet og ei lånegjeld i kr/innb., som ligg vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet. Rådmannen meiner at dette tilseier at kommunen bør vise varsemd med å legge opp til ytterlegare auke i lånegjelda, før vi har kome meir på nivå med landsgjennomsnittet. Når vi har eit inntektsnivå som ligg lågare enn landsgjennomsnittet og eit nivå på lånegjelda som ligg vesentleg høgare enn landsgjennomsnittet, fører dette til at Hareid må bruke ein forholdsvis større del av sine frie inntekter til kapitalkostnader enn det eit fleirtal av norske kommunar gjer. Dermed vert det tilsvarende mindre disponible frie inntekter for bruk til velferdsgode på driftssida. Varsemdsprinsippet er følgd i rådmannen sitt framlegg til budsjett og handlingsprogram, så langt ein finn det muleg, på den måten at ein søkjer å unngå at det vert lagt opp til særleg høgare låneopptak i gjennomsnitt i handlingsplanperioden, enn det ein betalar i avdrag. På den måten kan ein unngå at finanskostnadane aukar i for stor grad. Behov for utbygging av mellom anna helsehus utfordrar denne balansen i handlingsplanperioden og det må gjerast ein jobb for å balansere drift og investeringsbehov.

3.2 Pensjonskostnader

Kommunal- og regionaldepartementet vil vurdere å redusere amortiseringstida for premieavvik oppstått i 2014 og seinare til sju år. Dette vil i så fall få rekneskapsmessig verknad frå rekneskapsåret 2015. Det betyr i praksis at kommunen sin rekneskapsførte pensjonskostnad vil auke i åra som kjem. Pensjonskostnaden er avhengig av ei rekke faktorar, som både er vanskeleg å føreseie og lite påverkelege. Rådmannen har difor ikkje hatt gode indikatorar til at dette tilhøvet kan takast omsyn til på ein sikker måte.

Hareid kommune har prognose på 17 641 442 kr i opparbeidd premieavvik pr. 31.12.2016, noko som altså vil måtte førast som utgift i rekneskapa i åra framover.

KOMMUNAL PENSJONSKASSE (KLP)	31.12.2014	31.12.2015	Endring
Netto pensjonskostnad	16 680 805	16 083 805	
Pensjonsmidlar	274 106 169	300 237 494	
Pensjonsforplikting	336 982 635	365 108 642	
Premieavvik	6 698 049	-985 851	
Akkumulert premieavvik	21 224 044	17 417 184	
Akkumulert arbg. avg. premieavvik	2 992 620	2 455 853	
Sum akk. premieavvik KLP	24 216 664	19 873 037	-4 343 627
Kjøp av eigenkapitalandelar i året	691 232	722 572	
Samla eigenkapitaltilskot	7 098 911	7 821 483	
STATENS PENSJONSKASSE (SPK)	31.12.2014	31.12.2013	
Netto pensjonskostnad	5 008 316	3 918 583	
Pensjonsmidlar	54 162 019	54 705 943	
Pensjonsforplikting	74 712 208	65 237 111	
Premieavvik	-491 752	458 957	
Akkumulert premieavvik	-2 719 014	-1 946 705	
Akkumulert arbg. avg. premieavvik	-383 881	-284 890	
Sum akk. premieavvik spk	-3 102 895	-2 231 595	871 300
Akkumulert premieavvik totalt	21 113 769	17 641 442	3 472 327

3.3 Eigedomsskatt

Hareid kommune innførde eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, unnateke verk og bruk og annan næringseigedom, i 2014. Kommunen nytta skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi i høve bustader, mens dei andre skatteobjekta vart takserte av kommunen sjølv. Det å kunne nytte skatteetaten sitt grunnlag for likningsverdi inneber at det vert enklare for kommunane, og gjer også at klagehandsaminga i høve dette grunnlaget, vert ei sak mellom innbyggjarar og likningsmyndigheiter. Skattesatsen på 2 promille vart vidareført på same nivå i 2015, men rådmannen har for budsjett- og handlingsprogramperioden 2017 – 2020 lagt til grunn at skattesatsen skal endrast. Det vert difor budsjettet med denne endringa og dette er lagt til grunn ved budsjettssalderinga.

Dersom kommunen på eit tidspunkt skulle velje å innføre eigedomsskatt også på verk og bruk eller vedta høgare skattesats, vil inntekstpotensialet auke monaleg, men det har ikkje vore gjort berekningar i høve dette.

3.3.1 Eigedomsskatt i kommunane

I følgje SSB er det i skrivande stund 365 av Norges 428 kommunar som nyttar seg av eigedomsskatt, mot 355 året før. Av desse har 239 kommunar eigedomsskatt i heile kommunen, mot 221 kommunar i fjor. 78 kommunar har eigedomsskatt berre på verk og bruk, mens 7 kommunar har eigedomsskatt på verk, bruk og område bygd ut på byvis. Kommunane fekk til saman inn nesten 11,2 milliardar kroner i 2016, noko som representerer ein vekst på om lag 1,6 milliardar kroner

3.4 Statsbudsjettet

For Hareid kommune er det anslått at den korrigerste veksten i frie inntektene vil vere på 2,4 % frå 2015 til 2016. (Grønt hefte 2017). Denne veksten skal dekke kommunen si auke i kostnader til lønsvekst, pensjonskostnader, fleire innbyggjarar m.m.. Inntektssystemet er elles i endring sidan strukturkriteriet no er innført. Kommunar som er «friviljug» små mistar med dette delar av

basistilskotet. I tillegg ligg det føre endringar i einskilde kostnadsnøklar. Totaleffekten er berekna til eit ned trekk for Hareid kommune sin del, på om lag 1, 75 mill. kroner. I 2018 skal også bortfallet av inntektsgarantiordninga effektuerast, noko som då vil auke det berekna ned trekket til 3,285 mill. kroner.

Men det er også denne gongen, som alltid, gjort ein del innlemmingar og korreksjonar i rammetilskotet. Fylgjande oversyn er henta frå Grønt Hefte og alle tal er i heile 1000 kr.

	Kap. 571	Kap. 572
	Rammetilskot til kommunar	Rammetilskot til fylkeskommunar
Innlemmingar		
Bustadsosialt kompetansetilskot	5 700	0
Bustadsosiale tilskot	10 000	0
Tilskot til frivilligsentralar	131 000	0
Omdisponering frå storbytilskotet til Groruddalssatsinga	-10 000	0
Korreksjonar		
IKT-modernisering i Husbanken (SIKT)	11 500	0
Løyving valdirektorat	12 800	0
Ny naturfagstime, heilårseffekt	114 400	0
Gratis kjernetid i barnehage, heilårseffekt	28 700	0
Forsøk med ny ansvarsdeling i barnevernet, heilårseffekt	18 200	0
Forsøk med statleg finansiering av eldreomsorga, heilårseffekt	-518 400	0
Augeblikkeleg hjelp rus og psykiatri	86 500	0
Aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar	60 000	0
Avvikling av diagnoselista for fysioterapi	-175 000	0
Auka kommunale barnehageutgifter som følgje av butidskrav for kontantstøtte	2 000	0
Momskompensasjon sameiger	-35 000	0
Statlege og private skular, auke i elevtal	-111 000	-28 700
Lærlingtilskot, heilårseffekt	0	24 500
Utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarar	0	46 100
Kjøp av plassar frå ideelle senter	0	-14 800
Auka CO2-avgift på mineralolje. Kompensasjon fylkesvegferjer	0	20 000
Auka CO2-avgift på mineralolje. Kompensasjon til lokale båtruter	0	13 000
Sum innlemmingar og korreksjonar	-368 600	60 100

3.5 Tiltakspakke for auke i sysselsettinga

Som en del av budsjettet legg regjeringa fram ein ekstra tiltakspakke for auke i sysselsettinga, på i alt 4 milliardar kroner.

Pakken er retta mot område som i særleg grad merkar konsekvensane av lågare vekst. Tiltaka er mellombelse. Det er gjort framlegg om at 500 millionar kroner skal nyttast som eit eingongstilskot til vedlikehald og rehabilitering av skular og omsorgsbygg i kommunane. Hareid sin del av nemnte tiltakspakke er på 3,552 mill. kroner og i seinare kapittel av handlingsprogrammet vert det gjort framlegg om korleis desse ekstra midlane kan nyttast.


3.6 Finansiering av kommunesektoren (NB! 2011)

Hovudkjeldene for finansiering av kommunesektoren er skatteinntekter, overføringar frå staten og gebyrinntekter. Skatteinntekter er den største inntektskjelda. I hovudsak er dette inntektskatt frå personlege skattytarar i kommunen. I tillegg kjem eigedomsskatt, som kommunane kan vedta på frivillig basis, og skatteinntekter frå kraftproduksjon. Stortinget vedtek skattereglane som definerer skattegrunnlaget for kommunesektoren. Skatt på alminneleg inntekt frå personlege skattytarar blir fordelt mellom staten, kommunane og fylkeskommunane. Fordelinga mellom dei tre forvaltningsnivåa blir bestemt av den kommunale og fylkeskommunale skattøyren, ein fordelingsnøkkel som årleg blir fastsett av Stortinget i samband med handsaminga av statsbudsjettet.

Overføringane frå staten kan delast inn i to hovudkategoriar: rammetilskot og øyremerkte tilskot. Rammetilskot skal tildelast kommunesektoren utan andre vilkår enn det som følgjer av krav til oppgåveløysinga i lov og forskrift. Det inneber at kommunane kan gjere eigne prioriteringar for bruken av rammetilskot. Rammetilskota blir løyvde over Kommunal- og regionaldepartementets budsjett. Saman med skatteinntektene utgjør rammetilskot *frie inntekter* for kommunesektoren.

Til øyremerkte tilskot er det knytt vilkår om at midlane skal brukast til nærare bestemte føremål. Øyremerkte tilskot blir løyvde over budsjettet til dei ulike fagdepartementa, avhengig av kva for saksområde tilskotet gjeld.

Gebyrinntekter er betaling frå innbyggjarane i kommunen knytte til kommunale tenester, som til dømes barnehagar, pleie- og omsorgstenester og tekniske tenester. Hovudregelen er at kommunen ikkje kan ta meir betalt enn kostnaden ved å tilby tenesta (sjølvkost). Om lag $\frac{3}{4}$ av dei samla inntektene er skatteinntekter og rammetilskot, medan om lag 15 prosent er gebyrinntekter og liknande. Dei øyremerkte tilskota utgjorde i 2011 fem prosent av inntektene, mot om lag 12 prosent i 2010. Årsaka til reduksjonen frå 2010 til 2011 er innlemming av øyremerkte tilskot til barnehagar i rammetilskotet.



Kommunane har relativt lite rom for å påverke storleiken på inntektene. Eit viktig unntak er eigedomsskatten. Gjennom skattereglar og skattøyre, rammeløyvingar og øyremerkte løyvingar fastset staten langt på veg nivået på inntektene til kommunane. Difor er det særskilt viktig at det er

samsvar mellom dei oppgåvene kommunane har ansvaret for, og dei ressursane som blir stilte til disposisjon. Det gjeldande finansieringsprinsippet er at kommunane skal kompensast fullt ut for meirutgiftene når dei blir tillagde nye oppgåver, og ved endringar i regelverk eller andre endringar som inneber meirutgifter. Tilsvarande skal inntektsrammene til kommunane reduserast dersom dei blir avlasta for oppgåver.

4 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2015 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 – DRIFT

Rådmannen presenterer her framlegget til driftsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde tiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei driftstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Betalingssatsar ligg føre i separat vedlegg.

4.1 Driftsbudsjett

4.1.1 Budsjettskjema 1A

	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
Skatt på inntekt og formue	-114 254	-121 553	-130 988	-130 988	-130 988	-130 988
Ordinært rammetilskudd	-138 201	-143 427	-141 400	-141 400	-141 400	-141 400
Skatt på eiendom	-5 678	-6 120	-8 109	-8 484	-8 877	-9 290
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	-9 474	-16 911	-15 390	-15 390	-15 390	-15 390
Sum frie disponible inntekter	-267 607	-288 012	-295 887	-296 262	-296 655	-297 068
Renteinntekter og utbytte	-2 048	-1 907	-2 373	-2 373	-2 373	-2 373
Gevinst på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Renteutgifter provisjoner og andre finansutgifter	6 586	6 095	6 274	6 734	6 973	7 061
Tap på finansielle instrumenter	0	0	0	0	0	0
Avdrag på lån	11 957	12 010	12 540	13 340	14 063	14 467
Netto finansinntekter/-utgifter	16 494	16 198	16 441	17 701	18 662	19 155
Dekning av tidl års regnskm merforbruk	5 220	5 221	0	0	0	0
Til bundne avsetninger	1 155	994	1 126	1 126	1 126	1 126
Til ubundne avsetninger	1 486	0	1 379	4 397	3 576	3 875
Bruk av tidl års regnskm mindreforbruk	-1 486	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	0	0	0
Bruk av bundne avsetninger	-510	-1 505	-1 452	-1 452	-1 452	-1 452
Netto avsetninger	5 866	4 710	1 053	4 071	3 250	3 548
Overført til investeringsbudsjettet	0	0	0	0	0	0
Til fordeling drift	-245 247	-267 104	-279 909	-276 006	-276 259	-275 881
Sum fordelt til drift fra skjema 1B	243 588	267 104	279 909	276 006	276 259	275 881
Merforbruk/mindreforbruk	-1 659	0	0	0	0	0

Tabellen er i 1000 kroner med løns- og prisframskriving for 2017. Kolonnene for 2018, 2019 og 2020 er i 2017-kroner. (eigedomsskatten er basert på auke i verdigrunnlag og volum). Denne tabeloppstillinga er obligatorisk og gjev ei samla oversikt over alle utgifter og inntekter knytta til drifta.

Ein viktig del av innhaldet i denne oppstillinga gjeld finansområdet som ikkje er vist og kommentert i sektorområda, og finansområdet vert derfor presentert her.

4.1.2 Finansområdet

Dette er ikkje ein sektor i tradisjonell forstand, men eit område som fangar opp overgripande finansielle utgifter og inntekter som ikkje ligg inne i dei tenesteproduserande sektorane. Her vert ført generelle inntekter knytta til skatt, rammeoverføringer frå staten, diverse tilskot, renteinntekter og –utgifter, avdrag på lån mv.

Nettoinntektene på denne sektoren skal dekkje opp nettoutgiftene for administrasjon og tenesteproduksjon innan dei ordinære sektorane.

Rådmannen sitt forslag til budsjett for finansområdet:

Konto	Tekst	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
10900	Pensjon	-3 602	0	0	0	0	0
10901	Pensjon premieavvik	3 105	-4 680	-5 213	-5 213	-5 213	-5 213
10991	Arbeidsgjevaravgift premieavvik	438	-660	-736	-736	-736	-736
11302	Banktenester og gebyr	4	0	0	0	0	0
12700	Konsulenttjenester	13	0	0	0	0	0
14290	Moms generell kompensasjonsordning	3	0	0	0	0	0
14500	Overføringer til kommunar	68	0	0	0	0	0
14701	Tap på krav	19	105	35	35	35	35
15000	Renteutgifter	6 116	5 675	5 880	6 340	6 579	6 666
15001	Morarenter	10	1	1	1	1	1
15100	Avdrag på lån	11 957	12 007	12 538	13 338	14 060	14 464
15300	Dekning tidlegare års rekneskapsunderskudd	5 220	5 221	0	0	0	0
15400	Avsetning til disposisjonsfond	1 486	0	1 379	4 397	3 576	3 875
	Sum utgifter	24 837	17 670	13 884	18 162	18 302	19 093
17290	Kompensasjon mva Driftsrekneskapen	-3	0	0	0	0	0
18000	Rammetilskot	-138 201	-133 879	-131 506	-131 506	-131 506	-131 506
18001	Inntektsutjamning	0	-9 548	-9 894	-9 894	-9 894	-9 894
18100	Statstilskot	-8 808	-6 666	-3 215	-3 215	-3 215	-3 215
18101	Statstilskot - øyremarka	0	-3 378	-3 552	-3 552	-3 552	-3 552
18700	Skatt på inntekt og formue	-114 254	-121 553	-130 988	-130 988	-130 988	-130 988
18750	Eigedomskatt bustadar og fritidseigedomar	-5 678	-6 120	-8 109	-8 484	-8 877	-9 290
19000	Renteinntekter	-409	-228	-300	-300	-300	-300
19003	Morarenter	-76	-36	-30	-30	-30	-30
19050	Utbytte, aksjer o.l.	-1 106	-1 299	-1 700	-1 700	-1 700	-1 700
19300	Disponering av rekneskapsmessig overskot	-1 486	0	0	0	0	0
19900	Motpost avskrivninger	-2 925	-3 218	-3 086	-3 086	-3 086	-3 086
19901	Motpost kalk. renter og avdrag	-1 341	-1 721	-1 413	-1 413	-1 413	-1 413
	Sum inntekter	-274 287	-287 647	-293 793	-294 168	-294 561	-294 974
	Netto til fordeling drift	-249 450	-269 978	-279 909	-276 006	-276 259	-275 881

4.1.3 Kommentar til nokre av postane

4.1.3.1 Netto premieavvik

Sjå kapitlet «Økonomiske perspektiv»..

Netto premieavvik som blir ført på finansområdet, er ikkje kommentert andre stadar i budsjettforslaget og blir gjort her.

Budsjettering av premieavvik har vist seg å vere ein risikosport. Vi har tidlegare år nytta info frå klp og statens lånekaske som grunnlag for utrekninga, men resultatet i høve til budsjettet har vist store avvik.

I 2014 budsjetterte vi med ei inntekt på 0 mill kroner og resultatet vart ei inntekt på -5,230 mill kroner.

I 2015 budsjetterte vi med ei inntekt på -6 mill kroner og resultatet vart ei utgift på 3,472 mill kroner.

I 2016 budsjetterte vi med ei inntekt på om lag -5,340 mill kroner og resultatet ser ut til å bli ei inntekt på -0,7 mill kroner

Med bakgrunn i data frå Klp og Statens pensjonskasse vil resultatet for 2017 bli slik:

Tal i 1000 kr

Premieavviki KLP (skriv av 19.9.2016 frå KLP om m.a.beregning av budsjett for 2017)	-8 530
Premieavvik Statens pensjonskasse (skriv av 14.9.2016 frå SPK)	96
Sum premieavvik	-8 434
Amortisering av tidlegare års premieavvik KLP	2 982
Amortisering av tidlegare års premieavvik SPK	-179
Sum amortisering	2 803
Netto premieavvik	-5 631
Arbeidsgjevaravgift 14,1%	-794
Netto premieavvik inkl arbeidsgjevaravgift	-6 425

Rådmannen vel å redusere prognosa for årets premieavvik frå Klp frå ei inntekt på -8,530 mill kroner til ei inntekt på -8,030 mill kroner.

Budsjetteringsgrunnlaget for netto premieavvik for 2017 blir då:

Tal i 1000 kr

Årets premieavvik KLP (reduisert prognose frå KLP med 500 tusen kr)	-8 030
Årets premieavvik Statens pensjonskasse (skriv av 1.6.2015 frå SPK)	96
Sum årets premieavvik	-7 934
Amortisering av tidlegare års premieavvik KLP	2 982
Amortisering av tidlegare års premieavvik SPK	-179
Sum amortisering	2 803
Netto premieavvik	-5 131
Arbeidsgjevaravgift året premieavvik 14,1%	-1 119
Arbeidsgjevaravgift amortisert premieavvik 14,1%	395
Netto arbeidsgjevaravgift	-723
Netto premieavvik inkl arbeidsgjevaravgift	-5 854

Altså eit netto premieavvik på 0,57mill kroner mindre enn prognosegrunnlaget.

4.1.3.2 Tap på krav

Her er beløpet justert til historisk verdi.

4.1.3.3 Renteutgifter

Denne posten omfattar:

Renter på kommunens lånemasse.

Budsjettforslaget er basert på ei gjennomsnittsrenter på vel 1,7% av ei lånemasse på 331 mill kr. I dette grunnlaget ligg ein nettoauke av lånemassen for 2016 (nye lån minus avdrag på lån) på om lag 5 mill kroner.

Samla gjev dette einrentekostnad på 5,675 mill kroner på eksisterande lånegjeld. Dette er ei vidareføring av budsjettnivået for 2016.

I tillegg kjem renter på nettoveksten av nye låneopptak (nye lån på ordinære prosjekt med fråtrekk av tilhøyrande nedbetaling av avdrag).

4.1.3.4 Avdrag på lån

I budsjettet for 2016 er det sett opp om lag 12 mill kroner til låneavdrag. Det er nye forenkla reglar for utrekning av minimumsavdrag som kan gje ein liten auke i avdraga. Posten er derfor auka med 200 tusen kroner for 2017.

4.1.3.5 Til dekning av tidlegare års meirforbruk

Det er føresett at resultatet for 2016 gjev grunnlag for å nedbetale resten av akkumulert underskot slik at Hareid kommune kjem ut av Robek-lista i 2017. Derfor er denne posten sett i null.

4.1.3.6 Avsetning til disposisjonsfond

Kommunen har eit sterkt behov for å ha ein buffer for negative budsjettavvik og uføresette hendingar både på utgifts- og inntektssida.

Det var eit mål å avsette eit årleg beløp tilsvarende det som dei siste åra vart brukt til nedbetaling av akkumulert underskot.

Trass i forslaget om ein auke av eigedomsskatten har ein ikkje makta å få til det fullt ut.

Men forslaget inneheld ei gjennomsnittleg årleg avsetning på om lag 3,3 mill kroner eller vel 13 mill kroner for heile perioden. Avsetning i 2017 er 104 mill kroner.

Budsjett er balansert med dei oppførde avsetningane for 2017-2020.

4.1.3.7 Rammetilskot inkl. inntektsutjamning og ordinært skjønstilskot samt skatt på inntekt og formue

I forslaget til statsbudsjett i Grønt hefte som inneheld alle føresetnadane for rammetilskot, utgiftsutjamning, inntektsutjamning og ordinært skjønstilskot, er det lagt til grunn i prognosen eit folketal i Hareid kommune på 5 198 innbyggjarar pr 1.1.2017.

Folketalet er ein svært viktig faktor for storleiken på det samla tilskotet (innbyggjartilskotet).

Innbyggjartilskotet representerar om lag kr 23 500 pr person.

I Hareid var det 5 170 innbyggjarar pr utgangen av 2. kvartal 2016 – ein nedgang frå årsskiftet med 19 personar.

Rådmannen trur ikkje føresetnadane i Grønt hefte er realistiske for Hareid med omsyn til folketalet, men ser for seg ein yttarlegare svak nedgang fram til årsskiftet.

Rådmannen legg derfor til grunn eit folketal på 5 160 ved utrekning av rammetilskot m.m.

Det er nytta KS sin prognosemodell pr oktober 2017 for å få fram konsekvensane av endringa og som går fram av tabellen under.

For 2018-2020 er nytta same realverdiane som for 2017.

1000 kr	2 015	2 016	2 017	2 018	2 019	2 020
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	113 761	116 016	120 527	120 908	121 180	121 325
Utgiftsutjevningen	6 791	10 244	9 614	9 633	9 643	9 649
Overgangsordning - INGAR	2 631	-293	-522	0	0	0
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehelse og arbavg)	493	777	1 219	1 219	1 219	1 219
Korreksjon forsøksordninger barnevern og omsorgstjenester		0	0	0	0	0
Nord-Norge-tilskudd/Namdals-tilskudd	0	0	0	0	0	0
Storbytilskudd	0	0	0	0	0	0
Småkommunetilskudd	0	0	0	0	0	0
Distriktstilskudd Sør-Norge	0	0	0	0	0	0
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensaker	0	0	0	0	0	0
Vekstilskudd	0	0	0	0	0	0
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	700	400	650	0	0	0
herav gradvis bortfall av diff.arbeidsgiveravgift						
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet 2011	0	0				
Endringer saldert budsjett 2014/2015/2016	-179	705				
Kompensasjon Samhandlingsreformen						
Ekstra skjønn tildelt av KMD	0	0				
RNB 2012-2015, samt Dok8:135 S (2014-15)	975					
Sum rammetilsk uten inntektsutj	125 172	127 850	131 489	131 760	132 043	132 193
"Bykletekker"						
Netto inntektsutjevning	12 379	10 694	9 894	9 894	9 894	9 894
Sum rammetilskudd	137 551	138 544	141 383	141 654	141 937	142 087
Rammetilskudd - endring i %	2,8	0,7	2,0	0,2	0,2	0,1
Skatt på formue og inntekt	114 254	129 087	130 988	130 988	130 988	130 988
Skatteinntekter - endring i %	1,9	13,0	1,5	0,0	0,0	0,0
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	251 805	267 600	272 400	272 600	272 900	273 100

500 tusen kr i tilskot knytta til «Forpliktande plan» går ut sidan vi føreset at vi i 2017 er ute av ROBEK-lista.

4.1.3.8 Skatt på eigedom

Utrekningane er basert på dette grunnlaget:

Grunnleggjande føresetnader:					
3 573 306 Omsetningsverdi (formuesgrunnlag) i tusen kroner nytta i 2016 for utrekning av eigedomsskatt basert på likningsverdi for 2014					
1 737 Tal på bustadar skattlagt med bakgrunn i likningsverdi					
2 057 171 Gjennomsnittleg omsetningsverdi pr bustad basert på likningsverdi					
233 000 Omsetningsverdi for eigedomar med fastsett verdi etter taksering					
20 000 Verdi av nybygg pr m2 (grunnlag for utrekning av skattegrunnlag for ny bustadmasse)					
1 000 Årleg vekst i m2 for ny bygningsmasse					
13 000 Verdigrunnlag for bygg pr m2 ved taksering av eksisterande bygningsmasse					
80 % skattegrunnlagsfaktor for eigedomar basert på ligningsverdi (reduksjonsfaktor)					
Omsetningsverdi etter taksering gjev ingen reduksjon i skattegrunnlaget					
5 % årleg auke i likningsverdi					
Ingen auke i kostnader knytta til forvaltning av eigedomsskatteordninga (oppdatering eigedomsmasse, vedlikehald av system og innkreving)					
Skattegrunnlag (tal i tusen kroner)					
	B2016	B2017	B2018	B2019	B2020
Skattegrunnlag basert på likningsverdi	3 403 149	3 565 203	3 743 463	3 930 637	4 127 168
Årleg auke i skattegrunnlaget basert på likningsverdi	162 055	178 260	187 173	196 532	206 358
Auke i skattegrunnlag pga netto nybygging	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Sum skattegrunnlag basert på likningsverdi utan lovregulert reduksjon	3 585 203	3 763 463	3 950 637	4 147 168	4 353 527
Skattegrunnlag basert på taksering	233 000	233 000	233 000	233 000	233 000
Skattegrunnlag basert på likningsverdi med lovregulert reduksjon	2 868 163	3 010 771	3 160 509	3 317 735	3 482 821
Sum skattegrunnlag	3 101 163	3 243 771	3 393 509	3 550 735	3 715 821

Her er vist konsekvensane for storleiken på eigedomsskatten med alternative promillesatsar

	B2016	B2017	B2018	B2019	B2020
Eigedomsskatt alternativ 1					
Skattesats promille	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Utlíkna eigedomsskatt	6 202	6 488	6 787	7 101	7 432
Eigedomsskatt alternativ 2					
Skattesats promille	2,00	2,50	2,50	2,50	2,50
Utlíkna eigedomsskatt	6 202	8 109	8 484	8 877	9 290
Eigedomsskatt alternativ 3					
Skattesats promille	2,00	3,00	3,00	3,00	3,00
Utlíkna eigedomsskatt	6 202	9 731	10 181	10 652	11 147
Eigedomsskatt alternativ 4					
Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	3,50
Utlíkna eigedomsskatt	6 202	8 109	10 181	12 428	13 005

:Konsekvensar for ein enkelt bustad:

Eigedomsskat for eit husvære på 120 m2 primærareal basert på taksering etter ein m2-pris på kr 13 000.					
Skattesats promille	2,00	2,50	3,00	3,50	4,00
Eigedomsskatt i kr for bustad på 120 m2 P-ROM, Hareid kommune basert på takseringsgrunnlag	2 496	3 120	3 744	4 368	4 992

Samanlikningar med andre:

Eigedomsskatt for bustad på 120 m2 P-ROM 2012:	Skatt	Skattesats o/oo
Gjennomsnitt heile landet (kommuner som har eigedomsskatt)	2 851	4,4
Høgste nivå i landet: Kristiansand	7 000	6,4
Lavaste nivå i landet: Balestrand	326	7,0
Ålesund	3 477	7,0
Molde	5 500	3,6
Kristiansund	900	3,7
Stryn	2 952	3,0
Vestnes	2 500	2,0
Averøy	4 200	5,0
Sunndal	2 200	2,0
Gloppen	3 000	7,0
Hadsel	2 000	6,0

Med bakgrunn i m.a. reduksjonen i rammetilskotet knytta til basistilskotet som for Hareid utgjør om lag 3,4 mill kroner, og behovet for å bygge ein driftsbuffer, finn rådmannen å måtte foreslå ein auke i eigedomsskatten tilsvarande alternativ 2, dvs ein 0,50/oo auke i skattesatsen frå 2,0 til 2,50/oo. Dette er lagt inn i forslaget.

4.1.3.9 Generelle statstilskot

I det oppførde beløpet for 2017 er det medteke følgjande tilskot og beløp:

Tilskot einslege mindreårige	-415 000
Kompensasjon investeringskostnader skule og omsorg	-260 000
Vertskommunetilskot	-1 240 000
Assistent flyktning velferd.	-1 300 000
Sum	-3 215 000

Dette er det same som dei forventa inntektene i 2016 for desse tilskota med tillegg for tilskot for assistent for flyktning innan velferd.

Integreringstilskot og opplæringstilskot blir no førde under ansvarsområde Ressurssenteret.

Derfor dei reduserte inntektene i høve til 2016 på denne posten.

4.1.3.10 Øyremerka statstilskot

Dette gjeld tilskot til kommunalt vedlikehald.

Det er i statsbudsjettet føresett at Hareid kommune får eit ekstraordinært tilskot til vedlikehald for å bøte på problema med arbeidsløyse knytta til nedgangen i oljerelaterte arbeidsplassar.

4.1.3.11 Generelle renteinntekter på konti

I budsjettet for 2016 er det opprinneleg beløp redusert med kr 100 000 til kr 400 000 gjennom budsjettregulering. Sjølv denne reduksjonen ser ikkje ut til å hald for 2016, og i budsjettforslaget for 2017 er det føresett at desse renteinntektene blir kr 300 000.

4.1.3.12 Morarenter

Dette er inntektsrenter. Utfrå inngangen på denne renteposten hittil i år (kr 20 000) er det ikkje realistisk å sette opp meir enn kr 30 000 på denne posten i 2017.

4.1.3.13 Utbytte på aksjar og liknande.

Utbytte frå Tussa-aksjane i 2017 er utdelt utbytte frå selskapet for 2016. Hareid kommune eig 201 aksjar i selskapet eller 6,63% av aksjekapitalen.

Adm.dir. Dypdal i Tussa as legg til grunn eit utbytte til aksjonæranne på 60% på gjennomsnittet av resultatet dei 3 siste åra og skriv m.a. følgjande i ein epost: at følgjande kan vere eit grunnlag for ei forsiktig prognose:

År	Resultat
2014	12,8
2015	25,3
2. tertial 2016	53,4
Gjennomsnitt	30,5

Utbyttet blir då $30,5 \cdot 0,6 = 18,3$ mill kr.

For 2016 (grunnlag resultat i Tussa for 2015) vart utbyttet for Hareid 1,3 mill kroner.

Vi er vesentleg meir optimistiske for eit betre resultat for heile 2016 enn 2.tertial og legg til grunn eit resultat på 90 mill kr. Dette gjev eit utbytte til Hareid på 1,7 mill kroner.

4.1.3.14 Motpost avskrivninger

Dette gjeld motpost til avskrivningar for dei sjølvfinansierende områda vassforsyning og avløp. Rekneskapsføringa her er reint teknisk for å nulle ut ei kalkulatorisk avskrivning. Det er nytta same beløp som som kjem fram under dei tilsvarende utgiftspostane under sjølvfinansierende ansvarsområde.

4.1.3.15 *Motpost kalk. renter og avdrag*

Her gjeld det same som for avskrivningar, dvs ei rekneskapsteknisk føring for å nulle ut ei tilsvarande utgiftsføring på områda for vassforsyning og avløp. Det er nytta same beløp som som kjem fram under dei tilsvarande utgiftspostane under sjølvfinansierande ansvarsområde.

4.1.3.16 *Overført til investeringsregnskapet*

Det er ikkje føresett overført driftsmidlar til investeringsbudsjettet. Tidlegare var det her avsett midlar til dekning av eigenkapitalinskot i KLP, men det er til dette formålet no føreset bruk av ubundne investeringsfond (kan ikkje bruke lån som finansieringskjelde).

4.1.3.17 *Sum til fordeling drift.*

Dette er netto driftsutgifter som er tilgjengelige for sektorane.

4.1.4 Budsjettskjema 1B - Netto bindande budsjettramme for resultateiningane

Tal i 1000 kroner

Resultateining	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
1010 POLITISK STYRING OG KONTROLL	2 213	2 285	2 611	2 500	2 633	2 500
Sektor for politisk styring og kontroll	2 213	2 285	2 611	2 500	2 633	2 500
1020 RÅDMANNSKONTOR	3 054	3 808	3 852	3 852	3 852	3 852
1030 ØKONOMIAVDELING	2 823	3 175	3 664	3 664	3 664	3 664
1040 PERSONALAVDELING	2 433	2 339	2 057	2 057	2 057	2 057
1050 PLAN OG UTVIKLINGSAVDELING	2 751	3 980	4 382	3 982	3 982	3 982
1060 SERVICETORG OG POLITISK SEKRETARIAT	4 012	4 795	4 832	4 832	4 832	4 832
1070 IKT-AVDELING	1 401	-304	189	189	189	189
1080 NAV-KOMMUNE	15 151	16 749	16 912	16 912	16 912	16 912
1090 BRANNVERN	3 748	4 112	5 872	5 872	5 872	5 872
Sektor for sentraladministrasjon	35 373	38 654	41 760	41 360	41 360	41 360
2000 OPPVEKSTKONTOR	29 703	31 312	32 224	32 224	32 224	32 224
2010 BIGSET SKULE	8 203	9 187	10 051	10 051	10 051	10 051
2030 HAREID SKULE	22 631	25 925	26 253	26 253	26 253	26 253
2040 HJØRUNGAVÅG SKULE	6 268	7 525	8 219	8 219	8 219	8 219
2050 HAREID UNGDOMSKULE	22 053	22 357	22 151	22 151	22 151	22 151
2810 BIGSET BARNEHAGE	5 771	7 235	8 174	8 174	8 174	8 174
2830 HAREID BARNEHAGE	3 675	3 597	3 957	3 957	3 957	3 957
2850 SYVERPLASSEN BARNEHAGE	5 439	7 036	7 169	7 169	7 169	7 169
Sektor for oppvekst	103 743	114 174	118 198	118 198	118 198	118 198
3100 HELSE OG KOORDINERANDE EINING	13 520	15 790	17 094	17 094	17 094	17 094
4000 Velferds kontor	3 621	5 046	5 276	5 276	5 276	5 276
4022 SKJERMA EINING	8 760	9 723	9 036	9 036	9 036	9 036
4023 SOMATISK EINING	15 055	18 530	18 896	18 896	18 896	18 896
4025 KJØKKEN	3 520	3 654	3 581	3 581	3 581	3 581
4031 HEIMETENESTE EINING 1	12 686	13 338	12 950	12 950	12 950	12 950
4032 HEIMETENESTE EINING 2	4 904	6 011	6 526	6 526	6 526	6 526
4050 BU- OG HABILITERING	16 533	16 724	16 933	16 933	16 933	16 933
Sektor for velferd	78 599	88 816	90 292	90 292	90 292	90 292

Tal i 1000 kroner

Resultateining	Rekneskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
5000 KULTURKONTOR	2 244	2 238	2 133	2 133	2 133	2 133
NÆRING	163	86	130	130	130	130
5010 BIBLIOTEK	1 161	1 410	1 503	1 443	1 443	1 443
5020 KULTURILTAK	20	40	41	41	41	41
2080 HAREID MUSIKK- OG KULTURSKULE	1 769	2 108	2 106	2 106	2 106	2 106
2700 RESSURSENTERET	4 900	-388	-1 913	-1 913	-1 913	-1 913
TRUSAMFUNN	3 436	3 537	3 902	3 902	3 947	3 997
Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling	13 693	9 031	7 902	7 842	7 887	7 937
6500 KOMMUNALTEKNIKK	4 876	7 456	6 201	6 301	6 201	6 201
6550 SJØLVKOSTOMRÅDE	1 064	0	31	31	126	31
7000 BYGG	8 257	9 453	12 917	9 485	9 565	9 365
Sektor for kommunalteknisk drift	14 197	16 909	19 149	15 817	15 892	15 597
Sum fordelte nettoutgifter	247 818	269 869	279 912	276 009	276 262	275 884

4.1.5 Kommentar til 1B

Endringar i høve til budsjett 2016 er vist og kommentert i dei einskilde sektordelane. Her er det og oversikt over løns- og prisstigning, konsekvensjustering, og nye tiltak.

I vedleggsdelen til budsjettet er vist alle endringar på ansvarsnivå.

5 RÅDMANNEN SITT FORSLAG TIL ÅRSBUDSJETT 2017 OG ØKONOMIPLAN 2017 – 2020 – INVESTERING

Rådmannen presenterer her framlegget til investeringsbudsjett, med dei prioriteringane som rådmannen har lagt til grunn. Innmelde investeringstiltak som rådmannen ikkje fann rom til, vert presenterte i eige vedlegg. Dei investeringstiltaka som rådmannen har lagt inn i budsjettframlegget er nærare omtala i sektorkapitla. Og alle tiltaka, enten dei er prioriterte av rådmannen eller ikkje, er identifiserte med ID-kode/nummerering som er i samsvar med dei nummer som blir tildelt i budsjetteringsprogrammet Arena. Meininga er å letta kommunestyret si handsaming, i samband med eventuelle endringar.

Sidan Arena sorterar prosjekta alfabetisk, så gjeld det same her med den konsekvens at prosjektnummera ikkje kjem etter kavarandre.

5.1 Investeringsbudsjett

5.1.1 Budsjettskjema 2A

Budsjettskjema 2A viser eit samandrag av investeringane og korleis dei er finansiert.

5.1.1.1 Alle investeringane

1000 kroner

Investeringsutgifter Alle prosjekt	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
Investeringer i anleggsmidler	38 268	66 963	35 738	25 788
Utlån og forskutteringer	0	0	0	0
Kjøp av aksjer og andeler	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Dekning av tidligere års udekket	0	0	0	0
Avsetninger	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	38 268	66 963	35 738	25 788
Bruk av lånemidler	-27 676	-51 258	-28 330	-18 490
Inntekter fra salg av anleggsmidler	0	0	0	0
Tilskudd til investeringer	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 418	-8 733	-4 828	-2 958
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-5 174	-4 352	-2 080	-3 840
Andre inntekter	0	0	0	0
Sum ekstern finansiering	-37 268	-64 463	-35 238	-25 288
Overført fra driftsregnskapet	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisponert	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-1 000	-2 500	-500	-500
Sum finansiering	-38 268	-66 963	-35 738	-25 788

5.1.1.2 Dei sjølvfinansierande investeringane (VA=vatn og avløp)

1000 kroner

Investeringsutgifter Sjølvfinansierande prosjekt	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
Investeringer i anleggsmidler	12 500	20 800	11 100	10 500
Bruk av lånemidler	-12 500	-20 680	-11 100	-10 500
Sum finansiering	-12 500	-20 800	-11 100	-10 500

5.1.1.3 Alle investeringane med unntak av dei sjølvfinansierande (VA)

1000 kroner

Investeringsutgifter Ordinære prosjekt	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
Investeringer i anleggsmidler	25 768	46 163	24 638	15 288
Årets finansieringsbehov	25 768	46 163	24 638	15 288
Bruk av lånemidler	-15 176	-30 578	-17 230	-7 990
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 418	-8 733	-4 828	-2 958
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-5 174	-4 352	-2 080	-3 840
Sum ekstern finansiering	-24 768	-43 663	-24 138	-14 788
Bruk av avsetninger	-1 000	-2 500	-500	-500
Sum finansiering	-25 768	-46 163	-24 638	-15 288
Investeringsutgifter Sjølvfinansierande prosjekt	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020

5.1.2 Kommentar til budsjettskjema 2A

I høve til dei seinare åra under ROBEK med dei avgrensingar det innber med omsyn til investeringsnivået, gjev dette budsjettet/økonomiplanen ein større fridom sidan ein reknar med å gå ut av ROBEK i 2017.

Dette har nok påverka det investeringsprogrammet som blir lagt fram, sjølv om det er den totale økonomien som bestemmer kva rom ein har eller lagar seg for investeringar.

Det er låneopptak utover det vi betalar ned i avdrag på eksisterande lånemasse som belastar driftsbudsjettet. Og dette gjeld for dei investeringane som ikkje er sjølvfinansierande. Sjølvfinansierande prosjekt er hovudsaktleg er vassforsyning og avløp.

I oppstillinga over er det derfor skilt mellom «Ordinære prosjekt» og «Sjølvfinansierande prosjekt». Så det ein må ha fokus på når det gjeld belastninga på netto driftsbudsjett er nye låneopptak på «Ordinære prosjekt».

På grovt anslagsnivå kan ein rekne med at av dei årlege avdraga på 12 mill kroner, så er 9 mill kroner knytta til «Ordinære prosjekt». Så låneopptak på «Ordinære prosjekt» utover 9 mill kroner vil tilleggsbelaste drifta med renter og avdrag.

Det som i stor grad er med på å auke den driftsbelastande gjelda i perioden er nytt helsesenter, tilrettelegging for bustadutbygging (grunnkjøp og infrastruktur) og kommunale bustadar.

Rådmannen vurderer det framlagde forslaget som økonomisk utfordrande men nødvendig.

5.1.3 Budsjettskjema 2B på investeringsprosjektnivå

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I - 60	Bustadfelt Holstad - Grunnkjøp	2 000	2 000	0	0
I - 61	Bustadfelt Pålhaugen 2	500	0	0	0
I - 75	Flyfotografering	150	0	0	150
I - 74	Laserfotografering	100	0	0	0
I - 69	Marin næringsplan	125	125	0	0
I - 71	Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I - 81	Investeringar i SSIKT	7 455	0	0	0
Sum sektor for Sentraladministrasjonen		10 830	2 625	500	650

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I – 34	Kjøp av datamaskiner i oppvekst	638	638	638	638
	Sum sektor for Oppvekst	638	638	638	638
I – 4	Velferdsteknologi-pasientsignalanlegg	1 550	450	0	0
I – 5	Velferdsteknologi- tryggleiksalarmer	500	0		
I - 14	Møblar til administrasjon	0	400	0	0
	Sum sektor for Velferd	2 050	850	0	0
	Ingen investeringstiltak	0	0	0	0
	Sum sektor for næring, kultur og samfunnsutv.	0	0	0	0
I - 106	Gjerdselva 1, eigenandel	480	0	0	0
I - 129	Hareid hamn – Fornying / opprusting	400	0	0	0
I - 95	Miljøprosj. – Kjøpm.gt. Bedehusparken	1 000	3 300	0	0
I - 85	Bustadfelt - Holstad	200	500	2 000	2 000
I – 94	Rundkøring – Holstad	300	1 700	0	0
I - 132	Rådhuset - Belysning	2 500	0	0	0
I – 127	Helsesenter	5 000	20 000	15 000	0
I - 86	Bustadfelt – Pålhaugen 2	200	1 800	0	0
I - 87	Bustadfelt – Pålhaugen 3	400	0	0	0
I – 18	Bigset barnehage – Vognbod	570	0	0	0
I - 29	Sjukeheim – Ombygging til kontor	750	0	0	0
I – 134	Flyktningebustadar	0	0	0	12 000
I – 133	Omsorgsbustadar – Pålhaugen	0	13 600	6 500	0
I – 136	Fotballhall	0	500	0	0
I – 135	Hjellebakken – slutføring utebod	350	0	0	0
I – 137	Parken i Hareid sentrum	100	650	0	0
	Sum sektor for Kommunalteknisk drift Ordinære prosjekt	12 250	42 050	23 500	14 000
I - 110	Avløp – Kjøpmannsgata Bedehusparken	500	0	0	0
I - 119	Avløp – avskj. anl. Grimstad - Geilane	0	0	4 900	1 800
I - 121	Avløp – Renseanlegg	0	1 000	5 000	7 500
I - 113	Avløp – Sidegrein Hovden-Mork	400	0	0	0
I - 114	Vatn – Sidegrein Hovden-Mork	400	0	0	0
I - 103	Avløp – Bjåstad - Røyset	3 500	4 000	0	0
I - 115	Fornying/rehabilitering avløpsnett	800	800	800	800
I - 116	Fornying/rehabilitering vassnett	400	400	400	400
I - 105	Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet	2 500	0	0	0
I - 126	Separering avlaup – Midtre Reina	0	1 800	0	0
I - 104	Vassforsyning Bjåstad - Røyset	3 500	4 000	0	0
I - 109	Vatn – Kjøpmannsgata Bedehusparken	500	0	0	0
I – 122	Nye sjø-leidningar – hovudutslepp,kloakk	0	2 000	0	0
I – 123	Ny hovudkloakk – Pålhaugen – Kyrkjegt.	0	2 000	0	0
I – 124	Ny vassleidning – Pålhaugen – Kyrkjegt.	0	1 000	0	0
I – 125	Ny vassleidning – Holstad – Grimstad	0	3 200	0	0
I – 099	Hovudplan for vassforsyning	0	600	0	0
	Sum sektor for Kommunalteknisk drift VA-prosjekt	12 500	20 800	11 100	10 500
	Sum investeringsutgifter i anleggsmidlar	38 268	66 963	35 738	25 788

Kommentar til budsjettskjema 2B

Kommentar til det enkelte prosjekt er å finne under sektorkommentarane.

6 SEKTOR FOR SENTRALADMINISTRASJONEN

Rådmann Ragnhild Velsvik Berge

6.1 Sektorstruktur



Kommunen har sektororganisering med fire kommunalsjefar med underliggende einingsleiarar. Rådmannen er definert som den femte kommunalsjefen med sju einingsleiarar som rapporterer direkte til rådmannen. Rådmannen si leiargruppe er definert til dei fire kommunalsjefane, men rådmannen har altså direkte personalansvar for til saman 11 leiarar. Organisasjonsstrukturen er under evaluering.

Vertskommunesamarbeidet SSIKT driftssenter er organisatorisk plassert under rådmannen. Eininga vert drifta av Hareid kommune med personal- og økonomiansvar, men arbeider elles ut frå føringar som vert lagt av eit interkommunalt samarbeidande organ og politiske vedtak gjort av kommunestyret i dei sju samarbeidskommunane.

Hareid kommune har eit interkommunalt samarbeid om barneverntenesta. Det er kommunane Hareid – Ulstein – Ørsta – Volda som inngår i vertskommunesamarbeidet. Driftsansvaret for barneverntenesta er delegert til rådmannen i Volda, og kontoret er lokalisert på rådhuset der.

Eit anna viktig interkommunalt samarbeid, som sentraladministrasjonen er kontaktpunkt for, er Søre Sunnmøre Landbrukskontor IKS. Det er Hareid, Herøy og Ulstein som er eigarar av dette interkommunale selskapet, som har kontor i Dragsund i Herøy kommune.

6.1.1 Om tenestene

Sentraladministrasjonen utfører dei fleste av dei sentrale stab- og støttetenestene, som tenester innanfor økonomiforvaltning, personalforvaltning og ITK. Servicetorget utfører i tillegg til interne tenester til administrativt og politisk nivå, samt diverse tenester til publikum. Plan, utvikling, byggesak og geodata har eit variert tenestespekter, som både er eksternt og internt retta. Brannvernet har oppgåver innanfor brannførebygging og det operative ansvaret ved brann eller ulykkeshendingar. NAV-kommune har eit brukarorientert og rettsbasert tenestespekter og yter tenester til ulike brukargrupper.

Eit viktig fokus for sentraladministrasjonen er dessutan å legge til rette for den politiske aktiviteten gjennom saksførebuingar og gjennomføring av politiske vedtak. Alle einingane i sentraladministrasjonen er potensielle aktørar i dette arbeidet.

Rådmannen er bindeleddet mellom politisk og administrativt nivå. Rådmannen har eit særskilt ansvar for at saker som leggst fram for folkevald organ har fått ei forsvarlig utgreiing og at vedtak blir sett i verk. Vidare skal rådmannen syte for at kommunedrifta ligg innanfor gjeldande lover, forskrifter og overordna instruksar, samt syte for forsvarleg kontroll (jf. kml. §23.2.)

Tenestene vert nærare skildra i underkapitla nedanfor.

6.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Med utgangspunkt i kommunelova sitt kapittel 8 skal kommunen skal kvart år vedta budsjett og handlingsprogram som skal tilfredsstille dei gitte og absolutte krava. Sentrale premissar er kommunen si økonomiske stilling, tenestestatusen i driftseiningane, samt føringar frå statsbudsjettet og lokalt politisk nivå.

Rådmannen skal ta i vare dei ulike perspektiva innanfor økonomi, organisasjon, teneste og lokalsamfunn. For ei kommune med låg inntekt og ROBEK-status vert det mange dilemma. Rådmannen prioriterer innanfor desse rammene i framlegget til budsjett og handlingsprogram.

Ei svært sentral føring siste åra har vore å legge grunnlaget for å føre kommunen eit skritt vidare i arbeidet med å kome ut av ROBEK-registeret. Neste utfordring vert å halde kommunen ute av ROBEK. Leiarane har meldt inn sine drift- og investeringsbehov som må og bør – tiltak. Behova er mange og til dels omfattande, og dei fleste av desse står framleis som uløyste også etter denne budsjettbehandlinga. Rådmannen har prioritert å vidareføre alt vedtekne tiltak for å få framdrift/avslutning på desse. Vidare er tiltak som gir god kost/nytte prioritert framfor andre.

Tenestesektorane er i det vidare omtalt etter sektorvis inndeling.

6.2 Årsverk og driftstiltak

6.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2015	Årsverk 01.10.2016	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2017
Rådmannskontoret	2,36	2,55	3,09
Økonomiavdelinga	4,75	5,12	5,3
Personalavdelinga	3,4	3,4	3,0
Plan, utvikling, byggesak og geodata	5,75	5,92	5,75
Servicetorget	4,0	4,5	4,5
IT-avdelinga	1,0	1,0	1,0
SSIKT driftssenter	3,0*	4,0*	4,0*
Brannvern	1,25	1,25	1,25
NAV-kommune (ekskl. eksternt finansierte prosjekt)*	3,3**	3,3**	3,3**
Samla årsverk	28,81	31,04	31,19

Hareid kommune har ikkje operert med faste stillingsheimlar, men rammestyring og ein meir fleksibel bruk av årsverk. Rådmannskontoret har auka med 100 % rådgivarstilling, men på grunn av midlertidig fråvær viser ikkje auken med meir enn 0,15 % frå 16 – 17. Auken er forventa å vise frå 2018. Elles har der vore nokre interne justeringar mellom avdelingane.

*SSIKT driftssenter vart formelt oppretta som vertskommunesamarbeid 01.01.2014. Stillingsheimlane som til ein kvar tid ligg inne er eig av Hareid, men vert finansierte gjennom tilskot frå dei sju kommunane i samarbeidet.

**Som resultat av at Volda kommune vart etablert som vertskommune for eit samarbeid på barnevernsområdet, vart om lag seks stillingsheimlar overførte til Volda. Desse er ikkje tekne med i tabellen, då stillingsheimlane no ligg i Volda og Hareid kommune i staden gir refusjon til barneverntenesta sine felleskostnader etter ein kostnadsfordelingsnøkkel.

I tabellen ovanfor inngår ikkje ressurs på 5,33% lovfesta stillingsheimel for hovudverneombod.

6.3 Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring og kontroll

6.3.1 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2017 – 2020 POLITISK STYRING OG KONTROLL (A) SENTRALADMINISTRASJONEN (B)		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
AB	B2 2016	40939			
AB0	Sum konsekvensjustering	-618			
AB1	Sum artsavhengigheit	173			
AB2	Sum prisjustering	1053			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	41547	41547	41547	41547
A1	Endringar i valkostnader	124	13	146	13
B1	Varslingsteneste	300	300	300	300
B2	Rullering av kommuneplanen sin arealdel	400	0	0	0
B3	Hareid kommune sin del av SSIKT sine driftsutgifter	449	449	449	449
B4	Innføring av vaktlag i Brannvernet	1550	1550	1550	1550
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	44371	43860	43993	43860

6.3.2 Kommentar til driftstiltaka

AB0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Årsaken til volumendring i sektoren er samansett. Summen av endringar har i dette høvet resultert i ein volumreduksjon før nye tiltak.

AB1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen er det berre moderate endringar for sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

AB2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

A1 Endringar i valkostnader

Det stor forskjell på arbeidet med kommuneval og arbeidet med stortingsval. Dette gjeld før valet, på valdagen og etter at valet er over. Denne skilnaden er tatt omsyn til. Det er sjølvsagt også tatt omsyn til at berre annakvart år er eit valår.

B1 Varslingsteneste

Lovpålagd oppgåve. Krav om varsling i høve kommunal beredskap. Dette er påtalt som eit avviket ved Fylkesmannen sitt tilsyn 2014. Det er ikkje avklart leverandør av tenestene, men medlemskap i Åknes/Tafjord Beredskap IKS, er eit av alternativa. Dette alternativet føreset medlemskap, slik at det må samordnast med investeringsbudsjettet.

B2 Rullering av kommuneplanen sin arealdel

Sluttføring av rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Totalbeløpet er splitta i lønsutgifter til prosjektstilling kr. 300.000,- og kr. 100.000,- til diverse kjøp av ekstern kompetanse.

B3 Hareid kommune sin del av SSIKT sine driftsutgifter

Hareid kommune sin del av SSIKT sine driftsutgifter jamfør SSIKT sitt driftsbudsjett for 2017 og avtalt fordelingsnøkkel.

B4 Innføring av Vaktlag i brannvernet

Krav om vaktlag då tettstaden Hareid er over 3000 personer.

Kravet er gammalt og vel kjent. I handlingsprogrammet vedtatt av kommunestyret var dette lagt inn i 2017. DSB har gitt varsel om pålegg med innføring av vaktlag med frist til gjennomføring innan 31.12.2016.

6.3.3 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I-60	Bustadfelt Holstad - Grunnkjøp	2 000	2 000	0	0
I-61	Bustadfelt Pålhaugen 2	500	0	0	0
I-75	Flyfotografering	150	0	0	150
I-74	Laserfotografering	100	0	0	0
I-69	Marin næringsplan	125	125	0	0
I-71	Ymse grunnkjøp	500	500	500	500
I-81	Investeringar i SSIKT	7 455	0	0	0
Sum sektor for Sentraladministrasjonen		10 830	2 625	500	650

6.3.4 Kommentar til investeringstiltaka

I – 60 Bustadfelt Holstad - Grunnkjøp

Grunnerverv i 2017 og 2018

I – 61 Bustadfelt Pålhaugen 2

Restinnløysing av grunn på Pålhaugen 2. Ein føreset også inntekter i 2017 i form av sal av tomter og liknande

I - 75 Flyfotografering

Geovekst avtale. Flyfoto. Arbeidet allereie utført. Data vert levert vår 2017.

I - 74 Laserfotografering

Sjøkart Hareid - Lasermåling - sjø/land, kommunal del

I - 69 Marin næringsplan

Vedtak PS 5/16. Planen er under utarbeiding og går over to år.

I - 71 Ymse grunnkjøp

Tiltaket gjeld i hovudsak dekninga av kostnader med innløyasing/kjøp av mindre areal/grensejusteringar i utbyggingssaker m.m.

I - 81 Investeringar i SSIKT

Investeringar i SSIKT. Hareid sin del etter fordelingsnøkkel. Resterande del i høve refusjon frå kommunane i samarbeidet. Hareid sin del utgjør kr 790 292.

6.4 Overordna målsettingar

6.4.1 Hovudmål

- Sentraladministrasjonen skal syte for naudsynte stab- og støttetjenester til kommunen sine tenesteytande einingar.
 - Politikarar, publikum, samt andre offentlege og private verksemdar skal få naudsynt og korrekt informasjon og service, utan unødig ventetid.
 - Sektoren skal vere utviklingsorientert og ha eit spesielt ansvar for at heile kommunen si verksemd er i tråd med lov og retningslinjer og syte for at kommunen sitt omdøme vert forvalta på ein god måte.

6.4.2 Utviklingsmål

- Alle einingar i kommunen skal i 2017 ha fokus på felles målstyring
- 2017 skal vere prøve år for ein mal for tertialrapportering som har som målsetting å gi administrasjon og politikarar felles oversikt over organisasjonen sin aktivitet og framdrift.
- Sentraladministrasjonen skal i budsjettåret 2017 fortsette arbeidet med god økonomistyring. Målsetting er 0% avvik
- Alle avdelingar skal i første tertial 2017 ha tatt i bruk kommunens elektroniske kvalitetsforbetringssystem, og i løpet av året legge inn prosedyrar som fremmer samhandling mellom avdelingane
- Alle tilsette skal lære og bruke PUKK-hjulet (planlegge, utføre, kontrollere, korrigere) som utgangspunkt for stadig utvikling og forbetring.

7 SEKTOR FOR OPPVEKST

Kommunalsjef Eivind Longva

7.1 Sektorstruktur

- Bigset barnehage
- Hareid barnehage
- Syverplassen barnehage
- Bigset skule
- Hareid skule
- Hjørungavåg skule
- Hareid ungdomsskule
- Oppvekstkontoret

7.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for oppvekst, har sett seg som mål å bli ein kvalitets- og kompetanseorganisasjon med fokus på kollektive læringsprosessar og medverknad. Dette krev systematisk og langsiktig planlegging, då ein ynskjer å nytte sektoren sin samla kompetanse og ressursar på smartast og mest tenelege måte for organisasjonen.

Det vert viktig å arbeide målretta og kunnskapsbasert med fokus på kollektive læringsprosessar i den einskilde eining og på tvers av einingane i sektoren. Dette for å sikre godt læringsmiljø, best mogleg læringsutbytte og vidareutvikle god undervisningspraksis i skulane og barnehagane våre.

Sektor for oppvekst ser på medarbeidarane som den viktigaste ressursen i tenesta. Å legge til rette for at medarbeidarane til ei kvar tid har naudsynt kompetanse, kunnskap og haldningar knytt til arbeidet med barn og unge, vil vere viktige faktorar for å sikre eit høgt læringsutbytte og god omsorg for borna i barnehagane og elevane i skulane i kommunen.

Sektoren vil fokusere på å etablere tenester innanfor dei rammene som er gitt. Born og unge med komplekse og samansette vanskar er aukande både på landsbasis og på kommunenivå. Oppvekst ser behovet for auka fokus på tverrfagleg og tverrsektoriell samhandling for å kunne løyse desse utfordringane til beste for barnet. Knappe ressursar fordrar eit meir heilskapleg perspektiv i bruk av ressursar internt og på tvers av sektorane.

Foreldre og føresette må og ha nok informasjon for å kunne vite kva tenestetilbod dei kan forvente seg i skulane og barnehagane i Hareid, innanfor dei rammer sektoren disponerer. Vidare må skule- og barnehageeigar få god tilgang på informasjon og kunnskap om kva som skal til for å bygge gode skular- og barnehagar med høg kvalitet.

7.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Oppvekstsektoren vil arbeide for å sikre kvalitet i alle ledd innanfor stramme økonomiske rammer. Arbeidet gjennom året vil ha fokus på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver. Overordna Kvalitetsplan 2016-2020 legg føringar for innsatsområde i skulane og barnehagane. Dei valte innsatsområda er:

- Læringsmiljøet
- Tidleg innsats
- Heim-skule/barnehagesamarbeid
- Tverrfagleg samhandling
- Organisasjonsutvikling (lærande organisasjonar)

7.2 Årsverk og driftstiltak

7.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2015	Årsverk 01.10.2016	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2017
Oppvekstkontor	2,00	2,00	2,00
Bigset skule	15,10	14,98	15,38
Hareid skule	35,38	33,78	32,73
Hjørungavåg skule	11,11	11,73	12,25
Hareid ungdomsskule	27,8	28,89	27,65
Lærlingar	0	0,00	0
Bigset barnehage	12,7	14,3	15,40
Hareid barnehage	6,9	6,57	6,62
Syverplassen barnehage	13,17	13,81	13,12
Lærlingar	0	0	0
Styrka barnehagetilbod	5,44	2,62	3,26
Spes.ped. tiltak	1,97	1,99	1,58
Samla årsverk	131,57	130,8	129,99

7.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2017 – 2020 OPPVEKST (B)		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
C	B1 2016	114173			
C0	Sum konsekvensjustering	1264			
C1	Sum artsavhengigheit	1702			
C2	Sum prisjustering	1801			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	118940	118940	118940	118940
C3	Kutt i pedagogstilling 80% - Hareid skule	-529	-529	-529	-529
C4	Kutt i pedagogstilling 80% - Hareid ungdomsskule	-529	-529	-529	-529
C5	Pedagog Bigset bhg – våren 2017	265	265	265	265
C6	Årleg kontroll leikeapparat i barnehage	50	50	50	50
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	118196	118196	118196	118196

7.2.3 Kommentar til driftstiltaka

C0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Justering på kr. **1.264.000.-** er i hovudsak konsekvensjustering i høve til lønsoppgjøret i 2016.

C1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på

individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore ein del underbudsjetterte for sektoren. Talet speglar ein korleksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

C2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6 %, ein auke i driftskostnadar utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

C3 og C4 Driftsreduksjonar

Oppvekst til liks med dei andre sektorane, er pålagd å gjere kutt i driftsrammene. Desse tiltaka vil resultere i kutt i pedagogstillingar ved dei største skulane, Hareid ungdomsskule og Hareid skule.

For å halde framlagde økonomiske rammer for 2017, må sektoren ta ned drifta i skulane- og barnehagane. Tilpassingstiltaket for oppvekst er på om lag kr. **1 mill.** Driftstilpassingane vil måtte føre til reduksjon i tenestetilbodet i skulane og det vert innanfor gitte rammer, vanskeleg å gi fullt ut eit tilbod i trå med opplæringslova. Utfordringar, som nye flyktningar eller nye born med større vanskar, vil vi ikkje kunne klare innanfor ramma for 2017.

Oversikt over nedtrekk med konsekvensvurdering:

1. Nedtrekk i tal pedagogstillingar ved skulane – 160 %

Skulane i Hareid har gjennom lengre tid vore drifta utan tilstrekkelege ressursar til fullt ut å kunne tilby lovpålagde tenester. Manglande tilbod om leksehjelp, særskild norskopplæring, morsmåloplæring, tilpassa opplæring ved tilstrekkeleg delinstimar i basisfaga er noko av vilkåra skulane jobbar ut frå. Manglande lovpålagde tilbod kan føre til sosial skeivutvikling og lærevarskar på dei lågaste trinna og auke behovet for spesialpedagogiske tiltak på eit seinare tidspunkt. Behov for spesialpedagogiske tiltak er aukande i skulane i Hareid. Fleire av desse born har større samansette vanskar og krev større ressursar. For at sektoren skal kunne drifte innanfor gitte rammer i 2017, må sektoren ta ned drifta ytterlegare ved skulane. Skulane har særstramme driftsbudsjett og det er ikkje mogleg å redusere andre postar i budsjetta enn lønspostar. Tiltak som vert gjennomført er reduksjon i pedagogstillingar etter slik fordeling:

- 80 % reduksjon pedagogstilling Hareid skule
- 80 % reduksjon pedagogstilling Hareid ungdomsskule

Ei pedagogstilling inkl. sosiale utgifter vert kostnadsberekna til ca. kr. 650 000.-
1,6 % pedagogstillingar = kr 1.040.000

Tiltaka må settast i verk frå nytt budsjettår for å kunne klare innsparingane og redusere konsekvensane i opplæringstilbodet til elevane.

Konsekvensar:

Reduksjon/ større grupper i praktisk estetiske fag som mat og helse, kunst og handverk, valfag m.m. vil påverke moglegheit for praktisk retta variasjon i opplæringstilbodet hjå elevane. Variasjon i undervisninga og arbeid med praktisk estetisk fag er ein viktige faktor for motivasjon og mestringsoppleving hjå mange av elevane. Kutt vil også gje reduksjon i tilpassa opplæring for elevar som treng ekstra oppfølging. Dette kan på sikt føre til auka spesialpedagogisk behov.

C5 100% auke i pedagog i Bigset barnhage våren 2017 (6 mnd)

4 nye barn (3,6 plassar) er klar for plass i Bigset barnhage frå januar 2017. For å kunne ta i mot desse må ein styrke barnehagen med 100 % pedagog fram til sommaren (kr 265.000). Om ikkje Hareid kommune gjev plass til dei 4 barna vil tilskotet til privat barnhage auke med 750.000 for 2017. Hareid kommune vil spare om lag kr 500 000 for 2017 med ei slik løysing. For å få plass til desse barna i Bigset barnhage må ein utvide vognhuset/skuret. Ein har kostnadsrekna prosjektet til kr 570 000 inkl. mva.

Det er behov for større plass til vogner då barnehagen har fått ei dobling av tal små barn som skal sove. Det er ikkje oppgradert sidan det vart bygd i 1992. Dagens rom er ikkje tilfredstillande ang. tilkomst med smal gang og sikkerheit ang. brann.

C6 Årleg kontroll av leikeapparat i barnehage

I tillegg til å få kontrollert årleg alle leikeplassane, må det byggast gode system for eigenkontroll.

7.3 Investeringar

7.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I - 34	Kjøp av datamaskiner i oppvekst	638	638	638	638
	Sum sektor for oppvekst	638	638	638	638

7.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 34 Kjøp av datamaskiner i oppvekst

Situasjonen når det gjeld IT-utstyr i skulane er kritisk. Utsiftingstakta på maskiner til lærarar og elevar held ikkje tritt med forfallet og alder på eksisterande maskinpark. I samråd med IKT-avdelinga samlar ein kostnaden på Oppvekstkontoret, og fordeler utstyr etter prioritering. Manglande utstyr som skal nyttast som naturleg verktøy i klasseromet, gjer at det er vanskeleg å stette krava i læreplanen.

7.4 Overordna målsettingar

7.4.1 Hovudmål

- Overordna kvalitetsplan for oppvekst 2016-2020 skal nyttast som styrings- og planleggingsverktøy i heile sektoren, inkludert PPT, barnevernet og helsestasjonen.
- Sektoren skal utvikle seg gjennom skule- og barnehagebasert kompetanseutviklingsprosessar tilrettelagt på eigen arbeidsplass og gjennom felles utviklingsdagar, nettverk og leiarutviklingsprogram. Kompetanseutviklinga skal ta opp i seg arbeidsmåtar og verktøy som fremjar kollektive læringsprosessar, refleksjon over eigen praksis, erfaringsutveksling og kunnskapsdeling internt i eiga eining og i nettverk på tvers av skulane og barnehagane.
- Sektor for oppvekst skal vere pådrivar for tett samarbeid og samhandling med tillitsvalde for å legge til rette for gode arbeidsvilkår og auke elevane sitt læringsutbytte
- Det skal arbeidast systematisk med å utvikle gode, trygge og motiverande læringsmiljø med fokus på medverknad i eige læringsarbeid, undervegsrettlegg, tidleg innsats og heim-skule/barnehagesamarbeid
- Det skal arbeidast systematisk og kunnskapsbasert med vaksenrolla knytt til pedagog, fagarbeidar, assistent, leiar som fremjar relasjonell kompetanse og autoritativt leiarskap på alle nivå i sektoren

7.4.2 Utviklingsmål

- Sette i gang leiarutviklingsprogram som skal vidareutvikle kompetanse til å leie systematiske og kollektive læringsprosessar på eigen arbeidsplass, relasjonsferdigheiter og samhandlingskompetanse hjå leiarar på alle nivå i sektoren

- Gjennom utviklingsarbeidet «Vurdering for læring» og DUB prosjektet i barnehage/ skule, samt «Tidleg innsats» på 1,2 og 8.trinn i skulane, skal vi arbeide systematisk, kontinuerleg og målretta med kollektive læringsprosessar og arbeidsmåtar som fremjar endringskompetanse hjå pedagogisk personale i sektoren.
- Alle pedagogar i skulane i Hareid skal utarbeidet tydlege mål for læringsarbeidet slik at elevane forstår kva dei skal lære (Vurdering for læring: Prinsipp 1 og 2)
- Utvikle praksis for framovermeldingar til elevane – Elevane skal vite kva som vert forventa av dei (Vurdering for læring: Prinsipp 1 og 3)
- Det skal utviklast system for vurdering/tilbakemelding og oppfølging på arbeidet til einskildeleven (Vurdering for læring 2 og 3)
- Skulane skal vurdere/revurdere kartleggingsverktøy som er i bruk og bruke desse aktivt i læringsarbeidet. Verktøya skal gjerast kjend og nyttast i heile sektoren.
- Det skal utviklast felles rutinar for heim-skule/barnehagesamhandling med faste skule- og barnehagefaglege tema gjennom året.

8 SEKTOR FOR VELFERD

Kommunalsjef Berit Aasen

8.1 Sektorstruktur

Sektor for velferd vert leia av kommunalsjef.

- Helse og koordinerande eining.
- Bu- og habilitering
- Sjukeheim - Somatisk eining
- Sjukeheim - Skjerma eining
- Eining for Heimetenester
- Institusjonsskjøkkenet er leia av kjøkkensjef.

8.1.1 Om tenestene

Hareid kommune, sektor for velferd, arbeider systematisk for å vere ein kvalitets- og kompetanse organisasjon. Dette krev langsiktig planlegging for å kunne nytte tilgjengelig kompetanse og ressursar på den best tenelege måten for organisasjonen. Vi har ei målretta og bevisst haldning til kompetanse og utvikling for å yte gode og forsvarlege helse- og omsorgstenester

Sektor for velferd ser på dei tilsette som tenesta sin viktigaste ressurs. Vi må legge til rette for at dei tilsette har dei naudsynte kvalifikasjonane, kunnskapane og haldningane, for å kunne sikre kvalitet på dei tenestene vi skal yte til innbyggjarane i Hareid kommune.

Fokus på rett kompetanse, på rett plass og til rett tid, vil vere med å bidra til å sikre gode, effektive og trygge tenester.

Det vil vere fokus på å etablere gode tenester innanfor dei rammene som er gitt. For å kunne møte framtidens utfordringar må ein bruke ressursane på best tenleg måte. Brukarar og pårørande må ha nok informasjon for å kunne vite kva tenester dei kan forvente seg i Hareid kommune.

8.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Regjeringa har satt opp 5 hovudsatsingsområder, og oppmodar kommunane til å sette fornying og forbedring av omsorgssektoren på dagsorden i kommunalt plan- og utviklingsarbeid.

1. Saman med brukar , pasient og pårørande: brukaren skal få større innverknad over eigen kvardag, gjennom meir valfridom og eit større mangfald av tilbod.
2. Ei fagleg sterk helse- og omsorgsteneste: sikre ei berekraftig helse– og omsorgsteneste i framtida.
3. Moderne lokale og buformer: framtida sine sjukeheimar og omsorgsbustadar skal bli utforma for å stette behov for morgondagen sine brukarar, som vil omfatta alle aldersgruppe i samfunnet.
4. Den nye heimetenesta: Tenesta har den største auken i tal på brukarar. Dette har bakgrunn i ei tredobling av yngre brukarar under 67 år, kortare liggetid ved sjukehus og eit aukande tal på eldre i kommunen.
5. Fornyng og innovasjon: Nye løysingar må bli utforma for å mobilisere samfunnet sine samla omsorgsressursar, ta i bruk ny teknologi, utarbeide nye faglege metodar, og innovasjonsarbeid. «

8.2 Årsverk og driftstiltak

8.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.01.2015	Årsverk 01.01.2016	Årsverk 01.01.2017
Velferdskontor	2,5	3,5	3,5
Helse og koordinerende eining	12,5**	12,22*	13,82
Skjerma eining	11,26	13,47**	13,47
Somatisk eining	22,9	26,09	28,56
Kjøkken	4,29	4,29	4,29
Heimetenestene	20,73	24,08	26,08
Bu og habiliteringseininga	25,41	27,58	30,38
Samla årsverk	99,59**	111,23 årsverk***	120,09

8.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2017 – 2020 VELFERD (D)		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
D	Budsjett 2016	88815			
D0	Sum konsekvensjustering	228			
D1	Sum artsavhengigheit	-270			
D2	Sum prisjustering	1905			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	90679	90679	90679	90679
D3	Driftsteknikar velferd	602	602	602	602
D4	Medlemskap ALV Møre	75	75	75	75
D5	Legeavtale	600	600	600	600
D6	Forventa auke sal kantina	-250	-250	-250	-250
D7	Budsjettjustering 1 – auka tilskot ressurskrevjande Buhab	-500	-500	-500	-500
D8	Budsjettjustering 2 – redusere ferievikar heimetenestene	-199	-199	-199	-199
D9	Budsjettjustering 3 – redusere sjukevikarutgifter somatisk	-132	-132	-132	-132
D10	Budsjettjustering 4 – redusere sjukevikarutgifter skjerma	-132	-132	-132	-132
D11	Budsjettjustering 5 – Auka brukarbetaling somatic	-150	-150	-150	-150
D12	Budsjettjustering 7 – Auka refusjon sjukelønn Buhab	-300	-300	-300	-300
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	90293	90293	90293	90293

D0 Sum konsekvensjustering

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar.

Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

D1 Sum artsavhengigheit

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vore ein del underbudsjetterte for

sektoren. Talet speglar ein korreksjon til verkeleg nivå og representerer såleis ikkje ei volumauke.

D2 Sum prisjustering

Framskrivninga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

D3 Driftsteknikar

Sektor for velferd har eit stort behov for eigen driftsteknikar. Hovudoppgåvene vil vere etablering av velferdsteknologi i sektoren. Driftsteknikar spelar ei sentral rolle for rett bruk av ressursane i kommunen og kan bidra til å senke kostnadane ved redusert innleige av ekstern hjelp. Det er viktig at driftsteknikar har den kompetansen som er naudsynt for å kunne handtere oppgåvene. Det vil vere heilt nødvendig å ha driftsteknikar for å gjennomføre etablering av nytt pasientsignalanlegg og tryggleiksalarmar til heimebuande.

D4 Medlemskap ALV Møre

Hareid kommune har delteke i samarbeid med ALV Møre for utvikling av velferdsteknologi. Det blir satsa på bruk av velferdsteknologi og det er viktig at Hareid deltek i det vidare samarbeidet for å kunne følgje utviklinga.

D5 Legeavtale

Jamfør politisk sak

D6, D7, D11, D12 Auka inntekter

D8, D9 og D10 Redusere vikar bruk

Alle desse tiltaka er tiltak som ikkje krev politisk godkjenning, då det ligg innanfor rådmannen sitt mynde å gjere endringar. Dei er likevel tekne med som informasjon og for å synleggjere at Velferd sitt samla tilfang av føreslegne tiltak held seg innanfor ramma på maksimalt 0 kroner i nye tiltak. Det er rådmannen som har pålagt Velferd å halde seg innanfor denne ramma.

Det er satt inn restriksjonar for leige av vikar ved alt fråvær av fast personale. Dette gjeld både ved kort- og langtidssjukdom, permisjonar, vakansar og ferie. Det vil berre bli leigt inn vikar om det er grunnlag for vurdering opp mot nødvendig helsehjelp. Restriksjonar for leige av vikar er innført ved alle einingar.

8.3 Investeringar

8.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I - 4	Velferdsteknologi-pasientsignalanlegg	1550	450	0	0
I - 5	Velferdsteknologi- tryggleiksalarmar	500	0		0
I - 14	Møblar til administrasjon	0	400	0	0
Sum sektor for Velferd		2050	850	0	0

8.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

I – 4 Velferdsteknolog- pasientsignalanlegg

Det er behov for nytt pasientsignalanlegg ved sjukeheimen som stettar dagens krav. Det er nødvendig å satse på bruk av moderne velferdsteknologi tiltak på sjukeheimen. Det er ikkje mogleg å nytte tiltak som t.d. fallalarmar og døralarmar på eksisterande anlegg.

I – 5 Velferdsteknologi- tryggleiksalarmar

Tryggleiksalarmane til heimebuande stettar ikkje dagens krav . Det er nødvendig med innkjøp av 100 tryggleiksalarmer og 100 nøkkelboksar.

Det er per i dag ikkje mogleg å nytte moderne velferdsteknologi på dagens alarmer, som t.d. fallalarmer.

I – 14 Møblar til administrasjon

Heimetenestene skal i nye lokale og har behov for oppgradering av kontormøblar, pauserom, og tilrettelagde arbeidsplassar .

8.4 Overordna målsettingar

8.4.1 Hovudmål

- Arbeidsgivarpolitikken er implementert i heile organisasjonen.
- Sektor for velferd skal bidra til god omdømmebygging av Hareid kommune
- Sektor for velferd er ein kompetanse- og kvalitetsorganisasjon
- Sektor for velferd vil fremme tett samarbeid med tillitsvalde, med fokus på arbeidsmiljøtiltak og gode arbeidsvilkår for dei tilsette.
- Det skal vere fokus på forsvarlege tenester innanfor tildelte økonomiske rammer.
- Compilo – etablere eit internkontroll- og kvalitetssystem.

8.4.2 Utviklingsmål

- Fagutviklingsdagen skal bidra til kontinuerlig og planlagt kompetanseheving av helsepersonell
- Tilsette skal få tilbod om vidareutdanning, med støtte frå Kompetanseløftet frå Fylkesmannen.
- Det skal vidare utviklast rutine for samarbeid med tillitsvalde.
- Rutine for årleg samling med verneombod, tillitsvalde, fagkoordinatorar og einingsleiarar er etablert.
- Rutine for handtering av vedtak jamfør Forvaltningslova skal vidareutviklast
- 12 punktsplan for satsingsområder i 2017 skal utarbeidast av leiargruppa, og implementerast i heile sektoren
- Planleggings- og utviklingssamtaler er gjort på leiarnivå i 2016, og skal vidare ut i organisasjonen i 2017.
- Ressursstyring- fokus på godt leiarskap og kompetanseutvikling. Einingsleiarane vil få rettleiing og opplæring i godt og tydeleg leiarskap, og deltek på leiarutvikling i samarbeid med Høgskulen i Volda

8.4.2.1 Oversikt over einingane i sektor for velferd

Helse og koordinerende eining

Helse og koordinerende eining består av helsestasjon, skulehelseteneste, jordmorteneste, psykiatriteneste med aktivitetssenter, dagsenter for eldre heimebuande, ergoterapiteneste, kommunal og privat fysioterapi, støttekontaktordning, koordinerende eining og kommunelegetenesta.

Delmål:

- Eininga skal med sin spisskompetanse vere pådrivarar i habilitering- og rehabiliteringsarbeidet på tvers av einingane og elles i kommunen .
- Styrke samarbeidet med NAV og spesialisthelsetenesta, i høve personar med rus og psykiatrivanskar
- Eininga tek eit medansvar for undervising til dei andre einingane i sektoren.
- Etablere system for felles fagutviklingsdag for eininga
- Utvikle rutine for hjelpemiddel handtering, bruk av velferdsteknologi

Bu- og habiliteringseininga

Bu og habiliteringstenesta yter tenester til følgande grupper:

- Vaksne psykisk utviklingshemma i bustad.
- Avlastning til born og unge med særleg krevjande omsorgsbehov.
- Unge vaksne i eigen bustad som treng miljøarbeid i heimen.

Delmål/ utviklingsmål:

- Etablere faste samarbeidsmøte med pårørnde
- Fokus på brukarmedverknad
- Etablere gode rutinar for bruk av ressursar på tvers av områda
- Etablere fagutviklingsdag
- Oppsøkande miljøarbeid til unge vaksne i egen heime
- Miljøarbeid i kvardagen
- Utvikle dagtilbodet

Skjerma eining

Skjerma eining har 17 pasientar. Alle har eige rom. Målgruppa er personar som vert vurdert til å ha behov for å bu ei mindre eining.

Delmål/ utviklingsmål:

- Rutinar tilpassa personar med kognitiv svikt.
- Etablere miljøarbeid i kvardagsrutinane
- Vidareutvikle samarbeidsrutinar med pårørnde
- Samarbeid med dagsenteret
- Kulturtilbod i kvardagen
- Medikament rutinar

Somatisk eining

Eininga har to avdelingar med til saman 31 plassar + ein plass for omgåande hjelp.

Delmål/ utviklingsmål:

- Pasientflyt skal primært skje på korttidsavdelinga.
- Å ta imot utskrivingsklare pasientar frå første dag.
- Alle pasientar med korttidsopphald skal få ein plan for oppfølging ved hjelp av tverrfagleg møte og samarbeid med pasient og eventuelt pårørnde.
- Miljøarbeid i kvardagen
- Utvikle ressursmøta for å skape betre pasientflyt

- Kompetanseheving på rehabilitering ved korttidsopphald
- Samarbeid med heimetenestene og helse- og koordinerende eining ved utskriving

Kjøkkenet

Kjøkkenet har ansvaret for:

- Ernæring til pasientar ved sjukeheimen.
- Middagsombering til heimebuande
- Dei som bur i omsorgsbustadar har høve til å kjøpe middag og ha måltida i matsalen
- Kjøkkenet driv catering til kommunale møter og arrangement i det omfang som kjøkkenet til kvar tid har høve til ut frå ressursane.

Delmål/ utviklingsmål:

- Implementere bruk av matmerkingssystemet AIVO
- Rekruttere lærlingar til kokkefaget for institusjonskjøkken.
- Undervise sjukeheimspersonalet om ernæring på fagutviklingsdag
- Etablere rutinar for kartlegging av ernæring
- Måltidsendring , flytting av middag til ettermiddag.

Eining for Heimetenester

Heimetenestene har ansvaret for desse tenestene: heimesjukepleie, omsorgsbustadar og praktisk bistand, brukarstyrt personleg assistent og omsorgsløn. Alle tenester blir tildelte med skriftleg vedtak etter søknad.

Delmål/utviklingsmål:

- Samarbeid med helse- og koordinerende eining
- Implementering av kvardagsrehabilitering
- Etablere vedtakshandtering etter forvaltningslova i samarbeid med sakshandsamar
- Mobil pleie
- Dokumentasjon
- Gode rutinar for pasient- og brukarmedverknad ved etablering av hjelpetilbod.
- Sikre god kompetanse til alle brukarane, samarbeid mellom dei ulike tenestene innad i avdelinga

Velferdskontor

Velferdskontor har fagleg og administrativ støttefunksjon til einingane.

Delmål/ utviklingsmål:

- Vederlagsbetaling: samarbeide tett og godt med NAV, pasient/pårørande og økonomiavdelinga. Delta på interkommunalt nettverk for fagområdet.
- Hovudansvar for Kostra rapportane i sektoren.
- Rettleie leiarane i høve budsjett og rekneskap og grunnlag for fakturering av nokre tenester.
- Etablere gode rutinar for vedtak i samsvar med gjeldande lovverk.
- Etablering av fakturering av tenester gjennom GERICA (samarbeid SSIKT)
- Sakshandsaming
- Samarbeid med økonomiavdeling for å ta ut administrative gevinst for bruk av eksisterande system

9 SEKTOR FOR NÆRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Kommunalsjef Oddbjørn Grimstad

9.1 Sektorstruktur

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling vert leia av kommunalsjefen og einingsleiarane for biblioteket, musikk- og kulturskulen og Ressurssenteret. Einingsleiarane har sjølvstendige fag-, økonomi- og personalansvar og rapporterer til kommunalsjef.

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling omfattar desse resultateiningane:

- Kulturkontoret
- Ressurssenteret
- Biblioteket
- Hareid Musikk- og Kulturskule
- Trussamfunn
- Næringstiltak

9.1.1 Om tenestene

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling har ansvar for kommunale tenester som musikk- og kulturskule, bibliotek, vaksenopplæring, flyktningkontor, introduksjonsprogram, Hareid sokn, trussamfunn, kommunal kulturpolitikk, kontakt med frivillig sektor, prosjekt innan utvikling av Hareids-samfunnet.

9.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeid

Arbeidet i sektoren vil vere å sikre kvalitet i alle einingar innanfor stramme økonomiske rammer. Ein vil fokusere på lovpålagde tenester og kjerneoppgåver, og arbeide så langt råd er for ei effektivisering av drifta.

9.2 Årsverk og driftstiltak

9.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2013	Årsverk 01.10.2014	Årsverk 01.10.2015	Årsverk 01.10.2016	Forventa årsverk 2017
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Sum adm. sektor	1,00	1,00	1,00	1,00	1,00
Kultur	0,31	0,31	0,31	0,31	0,31
Hareid Musikk og Kulturskule	4,59	4,28	4,28	4,67	4,67
Biblioteket	1,55	1,35	1,55	1,55	1,55
Ressurssenteret	8,47	7,49	7,84	9,24	9,24
Samla årsverk	15,92	14,43	14,98	16,77	16,77

9.2.2 Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kr

Periode 2017 – 2020 NÆRING KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING (E)		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
E	B1 2016	9 030			
E0	Sum konsekvensjustering	-1 952			
E1	Sum artsavhengigheit	84			
E2	Sum prisjustering	274			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	7 435	7 435	7 435	7 435

E3	Medlemskontingent Hareid Næringsforum	40	40	40	40
E4	Sjølvsbeteningsautomat biblioteket	60	0	0	0
E5	Tilskot Frivilligsentralen	365	365	410	460
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	7 900	7 840	7 885	7 935

9.2.3 Kommentar til driftstiltaka

E0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråsone, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av overstyrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

E1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift.

E2 Sum prisjustering

Framskrivinga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

E3 Medlemskontingent i Hareid Næringsforum.

Hareid kommune betalar medlemskontingent til Hareid Næringsforum på lik linje med verksemdene i kommunen.

E4 Sjølvsbeteningsautomat på biblioteket

Automat der publikum sjølve scannar låna sine. Denne vil frigjere bibliotektilsette for andre viktige publikumsretta oppgåver.

E5 Tilskot Frivilligsentralen

Hareid Frivilligsentral, eigd av Hareid sokn, har til no vore delfinansiert av eit statleg driftstilskot på kr 310.000 årleg. 15. juni 2016 slutta Stortinget seg til regjeringa sitt forslag om å overføre ansvaret for tilskot til frivilligsentralane til kommunane, jf. Innst. 333 S.(2014-2015) og Prop. 123 S.(2015-2016)Kommuneproposisjonen 2017. Det statlege tilskotet vert lagt inn i rammeoverføringa. Tilskotet skal trappast opp over ei fireårsperiode.

9.3 Investeringar

9.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
	Ingen investeringstiltak	0	0	0	0
	Sum sektor for næring, kultur og samfunnsutv.	0	0	0	0

9.3.2 Kommentar til investeringstiltaka

9.4 Overordna målsettingar

9.4.1 Hovudmål

Sektor for næring, kultur og samfunnsutvikling skal yte gode tenester i tråd med lover og regelverk som gjeld for sektoren. Ein skal arbeide for eit stimulerande oppvekst- og kulturmiljø for innbyggjarane i kommunen, ved å utvikle det kulturhistoriske Hareid, støtte det frivillige arbeidet og gje bidrag til ei positiv utvikling for Hareid kommune.

9.4.2 Utviklingsmål

- Sikre gode arenaer og godt fritidsmiljø som fremjar god utvikling for innbyggjarane i kommunen
- Arbeide for at biblioteket skal vere ein naturleg møteplass og arena for kunnskap og samtale for innbyggjarane i Hareid
- Enda meir digitalt innhald skal gjerast tilgjengeleg i biblioteket
- Fokus på nynorsk barnelitteratur
- Arbeide for at kommunen kan oppfylle sitt vedtak om å ta imot nye flyktningar i 2017
- Styrke arbeidet for å gje flyktningar og asylantar eit godt undervisningstilbod
- At overgang frå introduksjonsprogram til vidare utdanning og arbeid for flyktningar ligg over dei nasjonale måla, som er 70%.
- Arbeide for å styrke fokus på budsjettet som styringsverktøy og redusere avviket mellom budsjett og rekneskap.

10 SEKTOR FOR KOMMUNALTEKNISK DRIFT

Kommunalsjef Nils Yngve Nupen

Konst. Kommunalsjef Kai-Rune Bjørke frå 17.10.2016.

10.1 Sektorstruktur

Eining kommunalteknikk og VAR har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjon
- Vegar og gater
- Gatelys
- Park / grøntanlegg / idrettsanlegg
- Hamnevesen
- Vassforsyning
- Kloakknett
- Slamtøming
- Renovasjon

Eining kommunal eigedom/FDV har fylgjande ansvarsområde:

- Administrasjonsbygg
- Barnehagar
- Kulturbygg
- Helseinstitusjonar
- Industribygg
- Skuler
- Utleigebustader /bygg

10.1.1 Om tenestene

Kommunalteknikk og VAR: Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har ansvar for økonomi og personal, i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef.

Drift og vedlikehald av:

- Kommunaltekniske anlegg som veg, vatn, avløp/drens og overvatn
- Grøntanlegg, parkar og idrettsanlegg
- Hamner, og overordna ansvar for hamnesikring ISPS

Kommunal eigedom/FDV: Ansvarsområda er leia av ein einingsleiar som har ansvar for økonomi og personal i tillegg til fagleg ansvar for si eining. Einingssleiar rapporterer til kommunalsjef. Leiande vaktmester har dagleg ansvar for vaktmeistrane. Leiande reinhaldar har dagleg ansvar for reinhaldarane.

Eininga har ansvar for:

- å gjennomføre pålagde brannvernstiltak i kommunale bygg
- vedlikehald av bygningsmassen
- «e-fokus» og energioppfølging
- kontraktar/ økonomi ved utleige av husvære
- reinhald av formålsbygg
- at beredskapsplaner vert utarbeidd for sitt område
- forsikringssaker som vedkjem eininga
- utvikling og utarbeiding av nye prosjekt
- IK/HMS
- prosjektleiing av byggeprosjekt

10.1.2 Overordna føringar for budsjettarbeidet

Å legge til rette for kvalitet i alle ledd. Styrking av fagmiljø, internkontroll og opplæring. Fokus på at drifta vert utøvd i samsvar med tildelte ressursar. Melde inn behov.

10.2 Årsverk og driftstiltak

10.2.1 Årsverksutvikling

Eining	Årsverk 01.10.2015	Årsverk 01.10.2016	Forventa årsverk - Budsjettframlegg 2017
Kommunalsjef	1,00	1,00	1,00
Vegar	1,10	1,10	1,10
Park- og grøntareal	1,00	1,00	1,00
Vatn	4,20	4,20	4,40
Avløp	3,20	3,20	3,50
FDV-bygningar	1,00	1,00	1,00
Vedlikehald	3,45	3,45	3,45
Bustadkoordinator	0,50	0,50	0,50
Reinhald	11,99	11,99	11,99
Sum adm. sektor	3,00	3,00	3,50
Samla årsverk	27,44	27,44	27,94

Driftstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

Periode 2017 – 2020 KOMMUNALTEKNISK DRIFT (F)		Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
F	B1 2016	17 020			
F0	Sum konsekvensjustering	-1 646			
F1	Sum artsavhengigheit	-724			
F2	Sum prisjustering	647			
	Konsekvensjustert budsjett ex. tiltak	15 297	15 297	15 297	15 297
F3	Transportmiddel	0	0	95	0
F4	Tilbehøyr – Traktor	0	50	0	0
F5	Tilbehøyr – Gravemaskin	0	50	0	0
F6	Rehabilitering – Brannstasjon	0	0	200	0
F7	Vaktordning – Innbrotsalarm	300	300	300	300
F8	Omgjering til dagsenter	0	120	0	0
F9	Tiltakspakken 2017	3552	0	0	0
F10	Ny ingeniørstilling VA – 40% - Avl.	0	0	0	0
F11	Ny ingeniørstilling VA – 60% - Vat.	0	0	0	0
	Rådmannen sitt framlegg til ny ramme	19 149	15 817	15 892	15 597

10.2.2 Kommentar til driftstiltaka

F0 Sum konsekvensjusteringar

Konsekvensjusteringar er endringar som er knytt til andre utgifter/inntekter enn pris- og lønsauke, men som likevel er naudsynte for å vidareføre eksisterande drift. Det er ikkje alltid like klart om eit tiltak skal leggst inn under konsekvensjustering eller nye tiltak. Det eksisterer såleis ei viss gråson, men litt forenkla kan ein seie at tiltak som krev politiske vedtak bør leggst inn under nye tiltak, mens tiltak som det allereie er gjort vedtak om, men som av ulike årsaker ikkje er implementert i gjeldande budsjett, er konsekvensjusteringar. Likeeins kan endringar som er resultat av over styrande situasjonar eller mynde, vere konsekvensjusteringar.

Sum konsekvensjusteringar gir normalt eit uttrykk for volumauke /-reduksjon. Sidan dette er første året med nytt budsjettssystem, har det vore gjort ein del oppryddingar, noko som kan gi innverknad på sum konsekvensjusteringar. Innanfor summen finn ein mellom anna utnulling av framskrivne inntekter på sjølvfinansierte tiltak og tilpassing mellom reelle utgifter og budsjett.

Siste åra har det vore dårleg samsvar mellom faktiske utgifter til beredskap vintervedlikehald av veg, utgifter til drift av gatelys, og inngåtte servicekontraktar innan drift av kommunale bygg.

F1 Sum artsjusteringar

I hovudsak er dette knytt til budsjettering av pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgift. Sidan det skjer ei automatisk berekning av sosiale kostnader basert på den enkelte lønstakar si løn i vårt nye budsjettssystem, får vi no ei tilnærma korrekt budsjettering av sosiale kostnader, heilt ned på individnivå. Som ein kan sjå av tabellen har desse kostnadane vorte noko korrigerte.

F2 Sum prisjustering

Framskrivninga er basert på ei gjennomsnittleg lønsauke på 1,6%, ein auke i driftskostnader utanom løn på 2,1% og ein deflator (brukt på inntekter) på 2,3%.

F3 – 079 - Transportmiddel

Kjøpe bil til uteadelinga. Treng ikkje være ny/bør være brukt. Det gjer kvardagen enklare og aukar effektiviteten

F4 – 080 - Tilbehør – Traktor

Innkjøp av tilfang for å klippe kantar langs veg. er behov for å kjøpe inn ettersom vi leiger inn ikkje er nok i forhold til det som er behovet i kommunen. Kjøper vi inn kan vi klippe kantar så ofte vi vil og så mykje vi vil. i forhold til prisen å leie er det tent inn etter ca. 1,5 år

F5 – 081 - Tilbehør – Gravemaskin

Innkjøp av utstyr for vedlikehald av Hapark sine områder, reiskapsberar. Dette fordi vedlikehaldet er lagt til uteavdelinga. Vi har i dag ikkje reiskap som er egna for vedlikehald sommar og vinter. det er også behov for et reiskap for enkelte oppgåver ved uteavdelinga. denne reiskapen kan være godt eigna for oppgåver for gartnaren også.

F6 – 082 - Rehabilitering – Brannstasjon

Etter overtakelsen av den gamle brannstasjonen er det behov for oppgradering av lokalet. det er for det fyrste: golv som er øydelagt etter tyngda av dagens brannbiler. Dette var på budsjettet for nokre år sida, men vart nytta til andre formål. Fjerne gamal betong inn med nytt. 200 000 kr dekker berre dette - men totalt er det behov for rehabilitering av brannstasjonen opp mot 700 000 kr totalt.

F7 – 050 - Vaktordning – Innbrotsalarm

Brannsentralen 110 (i Ålesund), har sagt opp avtalen til kommunane på mottak av innbrotsalarmane på kommunen sine formålsbygg. Dette budsjettet skal gå til innkjøp av eksterne tenester frå vaktelskap, eller å kurse og sette opp eit vaktlag med eige personell.

F8 – 052 - Omgjering til dagsenter

I forbindelse med planane om å flytte heimesjuketenesta til 4. etg., planleggast det ei enkel oppussing av lokala i 2. etg. Desse lokala skal i framtida brukast til dagsenter.

F9 – 083 - Tiltakspakke for auke i sysselsettinga 2017.

Som en del av budsjettet legg Regjeringen fram ein ekstra tiltakspakke for auke i sysselsettinga, på i alt 4 milliardar kroner.

Pakken er retta mot område som i særleg grad merkar konsekvensane av lågare vekst. Tiltaka er mellombelse. Det er gjort framlegg om at 500 millionar kroner skal nyttast som eit eingongstilskot til vedlikehald og rehabilitering av skuler og omsorgsbygg i kommunane. Hareid sin del av nemnte tiltakspakke er på 3,552 mill. kroner.

Prosjekt	Kostnadsramme	Tenestesektor	Prosjektansvarleg sektor
Hareidhallen - rømmingslys	200 000	Næring, Kultur og Samfunnsutvikling	Kommunalteknisk drift

Hjellevbakken – setningar i grunnen	50 000	Velferd	Kommunalteknisk drift
Sjukeheimen – golv/isolering	350 000	Velferd	Kommunalteknisk drift
Altandører i leilegheiter	200 000	Velferd	Kommunalteknisk drift
Sjukeheimen - taktekking	1 600 000	Velferd	Kommunalteknisk drift
Hjørungavåg skule - rømmingslys	200 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Ungdomsskulen - ventilasjon	150 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Bigset barnehage – beising av utv. treverk	100 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Ungdomsskulen – Nytt belegg	160 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Hjørungavåg SFO – nytt belegg	45 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Bigset skule – nytt belegg	75 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Syverplassen – beising av bygg	100 000	Oppvekst	Kommunalteknisk drift
Rådhuset - rømmingsvegar	300 000	Sentraladministrasjonen	Kommunalteknisk drift
SUM	3 530 000		

Tiltak: 025: M02: Hareidhallen - Rømmingslys

Skildring: Rømmingslysa må fungere i tilfelle brann. Det er påkravd å skifte desse når dei eks. har slutta å fungere, eller gamle installasjonar har begynt å bli brannfarlige.

Tiltak: 024: M16: Hjellevbakken - Setningar i grunn

Skildring: Over fleire år ser ein at bygget får meir og meir setningsskader. Setninga observerast midt på bygget, der nivåforskjellen på golvet blir stadig større. Større tiltak må settast i verk for å stabilisere bygget. Løyvinga er meint for kartlegging av problem og tiltak.

Tiltak: 049: M17: Sjukeheimen - golv/ isolering av lager

Skildring: Der står eit ubrukt rom på sjukeheimen på ca. 150 m². Golvet i dag består av pukk/ singel.
Det er eit skrikande behov for lagringsplass til utstyr og rekvisita. Golvet må isolerast og støypast, samt noko isolering/ kledning av ytterveggar.

Tiltak: 049: M1: Altandører i leilegheiter

Skildring: Desse altandørene har dekkplater av mdf. Dette materialet er lite gunstig opp mot vær og vind. Mange av dørene må skiftast.

Tiltak: 016: M01: Sjukeheimen - Taktekking

Skildring: Ein del av taktekkinga på sjukeheimen er i dårleg forfatning. Ein større lekkasje kan oppstå når som helst.
Samtidig med ny taktekking, leggst det opp til ekstra isolering slik at det blir mindre varmetap.

Tiltak: 026: M03: Hjørungavåg skule - Rømmingslys

Skildring: Nokre rømmingslys fungerer ikkje, og andre har blitt så gamle at dei må skiftast for å unngå brannfare.

Tiltak: 041: M07: Ungdomsskulen - ventilasjon naturfagrom

Skildring: Naturfagundervisning som krev ekstra ventilasjonsavtrekk (forsøk/ kjemi), er avgrensa til å berre gjelde lærardemonstrasjon, sidan skulen ikkje har forsvarleg ventilasjon til at elevar kan gjere egne forsøk (pkt. avtrekk i rommet).

Tiltak: 076: M4: Bigset barnehage - beising av utv. treverk

Skildring: Barnehagen treng utv. behandling av treverk. Dette bør skje før ein må til og skifte bordkledning.

Tiltak: 047: M6: Hjørungavåg SFO - nytt belegg

Skildring: Golvbelegget på SFO på Hjørungavåg skule har vore dårleg lenge. Dårleg belegg er ikkje bra for barn og tilsette, og ikkje minst meirbelastning for reinholdar.

Tiltak: 048: M7: Bigset skule - Nytt belegg

Skildring: Golvbelegg i korridorar i 2. etg. treng å bli skifta ut.

Tiltak: 078: M8: Syverplassen - beising av bygg

Skildring: Barnehagen treng behandling av utv. treverk så ein slepp å begynne å skifte bordkledning seinare.

Tiltak: 019: M12: Rådhuset - Rømmingsvegar

Skildring: Det vart tidligare innvilga budsjett for å på plass godkjende rømmingsvegar for rådhuset. Tidligare budsjett var for lavt, det må hevast for å kome i mål i forhold til krav om rømming.

F10 / F11 – 098 / 099 - Ny ingeniørstilling VA – 40% - Avl. / 60% - Vat.

Med dei investeringane innan vatn- og avløp i 2017 og framover er det ikkje tilstrekkeleg intern kapasitet til å legge til rette for og styre planlegging og prosjektering samt følgje opp anleggsarbeida av dette investeringsvolumet. I tillegg er det for liten driftskapasitet på dei to ansvarsområda. For å bøte på dette må det opprettast ei ny ingeniørstilling. Ein føreset ei deling mellom vatn og avløp med høvesvis 40 og 60%. Halvdelen av kostnadane er føreset belasta investeringsbudsjettet gjennom interne overføringar og resten gjennom ordinær drift.

10.3 Investeringar

10.3.1 Investeringstiltak prioritert i rådmannen sitt budsjettframlegg

ORDINÆRE PROSJEKT - 1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I - 106	Gjerdselva 1, eigenandel	480	0	0	0
I - 129	Hareid hamn – Fornying / opprusting	400	0	0	0
I - 95	Miljøprosj. – Kjøpm.gt. Bedehusparken	1000	3300	0	0
I - 85	Bustadfelt - Holstad	200	500	2000	2000
I - 94	Rundkøyering – Holstad	300	1700	0	0
I - 132	Rådhuset - Belysning	2500	0	0	0
I - 127	Helsesenter	5000	20000	15000	0
I - 86	Bustadfelt – Pålhaugen 2	200	1800	0	0
I - 87	Bustadfelt – Pålhaugen 3	400	0	0	0
I - 18	Bigset barnehage – Vognbod	570	0	0	0
I - 29	Sjukeheim – Ombygging til kontor	750	0	0	0
I - 134	Flyktningbustadar	0	0	0	12000

I – 133	Omsorgsbustadar – Pålhaugen	0	13600	6500	0
I – 136	Fotballhall	0	500	0	0
I – 135	Hjellebakken – slutføring utebod	350	0	0	0
I – 137	Parken i Hareid sentrum	100	650	0	0
Sum sektor for Kommunaltekn. drift		12250	42050	23500	14000

SJØLVKOSTPROSJEKT - 1000 kroner

Prosjekt nummer	Investeringsutgifter	B2017	ØP2018	ØP2019	ØP2020
I - 110	Avløp – Kjøpmannsgata Bedehusparken	500	0	0	0
I - 119	Avløp – avskj. anl. Grimstad - Geilane	0	0	4900	1800
I - 121	Avløp – Reinseanlegg	0	1000	5000	7500
I - 113	Avløp – Sidegrein Hovden-Mork	400	0	0	0
I - 114	Vatn – Sidegrein Hovden-Mork	400	0	0	0
I - 103	Avløp – Bjåstad - Røyset	3500	4000	0	0
I - 115	Fornyng/rehabilitering avløpsnett	800	800	800	800
I - 116	Fornyng/rehabilitering vassnett	400	400	400	400
I - 105	Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet	2500	0	0	0
I - 126	Separering avlaup – Midtre Reina	0	1800	0	0
I - 104	Vassforsyning Bjåstad - Røyset	3500	4000	0	0
I - 109	Vatn – Kjøpmannsgata Bedehusparken	500	0	0	0
I - 122	Nye sjø-leidningar – hovudutslepp kloakk	0	2000	0	0
I - 123	Ny hovudkloakk – Pålhaugen – Kyrkjegt.	0	2000	0	0
I - 124	Ny vassleidning – Pålhaugen – Kyrkjegt.	0	1000	0	0
I - 125	Ny vassleidning – Holstad – Grimstad	0	3200	0	0
I - 099	Hovudplan for vassforsyning	0	600	0	0
Sum sektor for Kommunaltekn. drift		12500	20800	11100	10500

10.3.2 Kommentar til investeringstiltaka – ordinære prosjekt

I – 106 - Gjerdselva 1, eigenandel

Førebygging av elva på oppsida av vegen Brekkane. L= 275 lm. Tiltaket er kostnadsrekna til 2,4 mill. der NVE står for prosjektering og utføring. HK må garantere for 20% av totalkostnad.

I – 129 - Hareid hamn - rehabilitering betongkai

Fendring og diverse utbetringar. Tiltaket er naudsynt for å sikre stabil drift av kaia.

I – 95 - Miljøprosjekt - Kjøpmannsgata Bedehuset-parken

Kommunestyret har i møte den 19.06.2014 gjort vedtak med målsetting om utbygging av tekniske anlegg og installasjonar. Planperioden 2017-2020 tek i vare dette vedtaket.

I – 85 – Rundkøyring Holstad.

Prosjektering og bygging av tilkomstveg - Kommunal del. Statleg og privat medfinansiering av heile tiltaket.

I – 132 – Rådhuset – Belysning

Dette prosjektet gjeld ei samanslåing av prosjekta 022-M08 og 023-M09. Ved å slå saman prosjekta reknar ein med ei innsparing på om lag 500 000 kroner.

Belysninga på rådhuset vart ulovleg i 2005. P.g.a. lovpålegg må den skiftes, samt montering av moderne belysning gir betre arbeidsforhold, samt lågare energibruk. I forbindelse med utskifting av belysning på rådhuset, bør det monterast nye systemhimlingar. Dette vil lette servicearbeidet og kostnader med dette betydeleg.

I – 86 – Bustadfelt Pålhaugen 2

Prosjektering av veg og utbygging av veg.

I – 87 – Bustadfelt Pålhaugen 3

Felles veg til Pålhaugen 2 og 3. Opprusting og gangveg. Kommunalteknikk som vegeigar sin andel. Føreset avtale om medfinansiering frå utbyggjar.

I – 018 - Bigset barnehage – Vognbod

Barnehagen tok i bruk underetasje for nokre år sidan. Med fleire barn, er det behov for meir kvileplasser for sovande barn. Bygging av isolert vognrom er nødvendig, samt forlenging av tak mot nord, slik at mange barnevogner kan stå under tak når barna skal sove.

I – 029 - Sjukeheim – Ombygging til kontor

Velferd ønsker å delvis bygge om og renovere 4. etg. slik at heimetenestene kan bruke etasjen som base, og samtidig kunne samle administrasjonen.

I – 134 - Flyktningbustadar

To stk. 4-mannsbustadar

I – 133 - Omsorgsbustadar – Pålhaugen

Det er snakk om ei tomt med ein 4-mannsbustad og ei tomt med plass til 8 leilegheiter. Til saman 12 leilegheiter. Ei leilegheit i kvart bygg kan brukast som fellesareal, og delvis til personale. Legg til grunn at leilegheitene ligg på min. 55 m2.

1 stk. 4-mannsbustad inkl. heis: 6,5 mill. kroner

1 stk. 8-mannsbustad inkl. heis og garasje: 13,6

I – 136 - Fotballhall

Fotballhall på grusbana ved Hareid ungdomsskule.

Samrøystes vedtak i møte 17. mars 2016 i kommunestyret:

1. Kommunestyret stiller seg positiv til initiativet frå Hareid IL om bygging av fotballhall på minste grusbana ved Hareid ungdomsskule, og vedtek å bruke arealet ved HUS til dette prosjektet.
2. Prosjektkostnaden for kommunen vert nærare utgreitt og lagt inn i rådmannen sitt framlegg til investeringsbudsjett for 2017-2018.
3. Det er ein føresetnad at det vert utarbeidd driftsavtale mellom Hareid kommune og Hareid Idrettslag innan prosjektstart.
4. Når det ligg føre eit vedtak i kommunestyret om realisering/finansiering av prosjektet, samt ei framforhandla driftsavtale mellom Hareid kommune og Hareid IL, får rådmannen mynde til å hyre inn prosjektleiing, sette saman ei prosjektgruppe og utnemne styringsgruppe.

I – 135 - Hjellebakken – slutføring utebod

Det er behov for lagringsplass for hjelpemiddel for bebuarane. Det er pr. i dag leigd ein container som står ved sidan av parkeringsplassen. Dette er eit pålegg frå branntilsynet. Containeren bør erstattast med ein permanent lagringsplass. Containerplasseringa opptek plass for planlagt leikeområdet. Det oppførte beløp er restfinansiering av dette prosjektet som har ei løyving på kr 600 000 i 2016.

I – 137 - Parken i Hareid sentrum

Renovering av parken i Hareid sentrum, som del av miljøgateprosjektet. Detaljregulering i 2017. Delutbygging i 2018.

10.3.3 Kommentar til investeringstiltaka – Sjølvkostprosjekt

I – 110 - Avløp - Kjøpmannsgata Bedehuset-parken

Kommunestyret har i møte den 19.06.2014 gjort vedtak med målsetting om utbygging av tekniske anlegg og installasjonar innanfor planperioden 2015-2018.

I – 119 - Avløp - avskjerande anlegg Grimstad-Geilane

Prosjektet ligg inne i hovudplan for avløp. Avskjerande leidning vil redusere utsleppa frå private avløpsanlegg til Grimstadvatnet.

I – 121 - Avløp – reinseanlegg

Alt avlaup til sjø og ferskvatn skal reinsast ihht. EØS krav. Vi har lagt inn prosjekteringskostnader i 2018 og utbygging i 2018 og 2019.

I – 113 - Avløp - sidegrein Hovden-Mork

Leidninga må byggast ut for å kunne ta inn på nye avløpsabonnentar i området.

I – 103 - Avløp Røyset

I godkjent hovudplan for avløp ligg første del av avlaupsleidning til Røyset byggefelt inne for utbygging i perioden fram til 2018. Avlaupsleidning lenger fram er lagt inn etter 2018. Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ om framføring av kommunalt vatn til Røyset har kommunestyret i sak 73/13 bedt administrasjonen utarbeide sak for politisk handsaming. Prosjektet er lagt inn i H-plan for 2017-2020 med ei investering i 2017 på kr. 3,5 mill. og i 2018 kr. 4,0 mill.

I – 115 - Fornyng / rehabilitering avløpsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte avløpsnett og kummar.

Separere kloakk i Hovlidvegen.

Separere fellesleidning for overvatn og spillvatn i vest-enden av Hovlidvegen, ca. 120 lm

I – 116 -Fornyng / rehabilitering vassleidningsnett

Midlane skal nyttast til uspesifisert utskifting av utdaterte leidningsnett og kummar.

Kloakkpumpestasjon ved Godsterminalen

Byte ut eks. defekte minipumpestasjon i området.

I – 105 - Ny inntaksleidning Hammarstøylvatnet

Lekkasje gjennom demninga gjer det naudsynt med ny inntaksleidning. Prosjektet var opphavleg på budsjettet for 2014, men er frå rådmannen si side føreslege lagt til 2016.

I – 104 - Vassforsyning Røyset

Med bakgrunn i innbyggjarinitiativ om framføring av kommunalt vatn til Røyset har kommunestyret i sak 73/13 bedt administrasjonen utarbeide sak for politisk handsaming. Prosjektet er lagt inn i H-plan for 2017-2020 med ei investering i 2017 på kr. 3,5 mill. og i 2018 kr. 3,0 mill.

I – 109 - Vatn - Kjøpmannsgata Bedehuset-parken

Kommunestyret har i møte den 19.06.2014 gjort vedtak med målsetting om utbygging av tekniske anlegg og installasjonar innanfor planperioden 2015-2018.

I – 099 – Hovudplan for vassforsyning

Jamfør planstrategi 2016 – 2020. Ein føreset at også hovudplan for avløp vert utarbeidd innanfor same prosjekt.

10.4 Overordna målsettingar

10.4.1 Hovudmål

- Yte gode tenester med dei ressursane vi rår over
- Bygge ut ein god infrastruktur
- Sikre god og trygg vassforsyning
- Gjennomføre tiltak i samsvar med godkjend hovudplan for avløp.

- Yte godt vedlikehald av dei kommunale vegane innanfor vedtekne økonomiske rammer
- Eininga skal sjå til at Hareid hamn vert forsvarleg drifta
- Forvalte kommunen sine eigedommar på ein forsvarleg måte, og syte for at bygningsmassen til kommunen har ein best mulig standard, innanfor disponible økonomiske rammer
- Ha fokus på at dei kommunale bygningane er trygge og forsvarlege for brukarane, og at bygningane får eit godt vedlikehald

10.4.2 Utviklingsmål

- Kommunale avløpsanlegg skal planleggast, byggast og driftast med fagkunnskap
- Revidere trafikktryggingsplan og gjennomføre tiltak i samsvar med handlingsprogram
- Kvalitetssikring av vassforsyning
- Revidere avløpsplan i perioden 2015-2018
- Gjennomføre tiltak i samsvar med overordna miljøkrav
- Gjennomføre krav til internkontrollsystem for vatn og avløp (IKS), HMS
- Utarbeide plan og handlingsprogram for vegvedlikehald
- Utarbeide plan og handlingsprogram for park- og grønt-vedlikehald
- Ha gode rutinar for ettersyn/ vedlikehald og rapportering
- Ha eit laupande vedlikehald, reinhaldsrutinar og kontinuerlig oppsyn med utleigeobjekt
- Utarbeide ein 4-årsplan for bygningsmassen for vedlikehald
- Ha fokus på tiltak som kan gi reduserte energikostnader
- Ansvar for at vedlikehaldsarbeid som treng investeringsmidlar vert rapportert inn til rådmann / kommunestyre via kommunalsjef



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf. +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no



HAREID KOMMUNE
Rådhusplassen 5 6060 Hareid
Tlf. +47 70 09 50 00
postmottak@hareid.kommune.no